


Årsmelding 2025





Saman for eit grønt og attraktivt Rogaland



Rogaland fylkeskommune leverer mange og gode tenester til innbyggjarane i fylket. Det skjer i hovudsak innan opplæring, tannhelse, samferdsel, kultur, regional planlegging og næringsutvikling. Arbeidet legg grunnlag for gode liv og sterke fellesskap i heile fylket.

2025 har vore eit år prega av omstilling i heile fylkeskommunen for å effektivisera arbeidsmetodar, utnytta ressursar meir effektivt og spara driftskostnader. Prosjektet Omstilling 2028 starta opp i 2025 og skal vara i to år med moglegheit for eitt års forlenging.

Arbeidet med rehabilitering av fylkeshuset heldt fram i 2025. Prosjektet inkluderer modernisering av eksisterande bygg og oppføring av nye. Etter planen skal nytt fylkeshus stå klart sommaren 2027.

Utviklingsplanen for Rogaland set kursen for korleis fylket skal utvikla seg i åra som kjem.

Planen prioriterer

- attraktive lokalsamfunn, tettstadar og byar
- ein konkurransedyktig region
- helsefremjande og inkluderande samfunn
- klimaomstilling og livskraftig naturmiljø

Ved overgangen til 2025 tok Rogaland fylkeskommune i bruk den nye visjonen: Saman for eit grønt og attraktivt Rogaland. Denne visjonen forpliktar oss til å vera ein pådrivar for ei berekraftig og positiv samfunnsutvikling, og understrekar målet om at Rogaland skal tiltrekkje seg både innbyggjarar, besøkande og næringsliv.

Gjennom samarbeid og felles innsats skal me halda fram med å byggje eit fylke som er godt å leva i for alle, og som me kan gi vidare til kommande generasjonar i endå betra stand.


I årsmeldinga finn du ei oppsummering av resultatata innan dei ulike ansvarsområda våre.

Innhold

Resultat og aktiviteter	4
Langsiktige utviklingsmål	5
Omstilling 2028	9
Opplæring	10
Samferdsel	15
Samfunn	19
Tannhelse	22
Eigedomsforvaltning	24
Medarbeidarar og organisasjonsutvikling	27
Administrativ organisering	28
Likestilling og mangfald	30
HMS, kvalitet og samfunnstryggleik	36
Omboda	40
Folkevalde organ	42
Økonomisk resultat	48
Oppsummering av 2025	73
Revisors beretning	76



Resultat og aktivitetar





Langsiktige utviklingsmål

I oktober 2024 vedtok fylkestinget ein ny utviklingsplan for Rogaland for perioden 2025–2028. Planen var eit resultat av omfattande arbeid, med eit solid kunnskapsgrunnlag og brei medverknad. Folkevalde, interesseorganisasjonar, næringsliv og administrasjonen bidrog i prosessen. Planen sette ein ny visjon for Rogaland fylkeskommune.

Saman for eit grønt og attraktivt Rogaland.

Denne visjonen forpliktar oss til å vera ein pådrivar for ei berekraftig og positiv samfunnsutvikling, og understrekar målet om at Rogaland skal tiltrekke seg både innbyggjarar og besøkande.

I 2025 har me arbeidd aktivt for å nå utviklingsmåla og retta innsatsen mot dei prioriterte områdene i planen. Dette har kravd samarbeid på tvers av heile fylkeskommunen og god samordning av verkemidlane våre.

Overordna arbeid

Oppfølginga av Utviklingsplan for Rogaland er omfattande og råkar heile organisasjonen. Fleire av dei ordinære verkemidlane er justerte for å støtta utviklingsmåla betre. Det er òg sett i gang nye prosessar både internt og i samarbeid med eksterne aktørar. Arbeidet er tett kopla til Omstilling 2028 (O28), slik at prioriteringar, ressursbruk og arbeidsmåtar samla gir størst mogleg samfunnseffekt innanfor dei prioriterte områda.

Fylkeskommunen har også forenkla og gjort tydeleg plansystemet. Me har utvikla felles prinsipp og prosessar for plan- og strategiarbeid, rolla til dei folkevalde er klargjord, og det er laga ein rettleiar for arbeidet. I 2025 starta arbeidet med FRAM – Fylkesplan for regional utvikling, areal og mobilitet, og planprogrammet vart sendt på høyring. Planen skal bidra til å samla og samordna verkemiddel på arealområdet, slik at dei støttar opp under alle utviklingsmåla. I tillegg er eksterne samarbeidsarenaer kartlagde for å sikra meir effektiv og samordna deltaking.





FNs berekraftsmål ligg til grunn for utviklingsplanen. Gjennom satsinga Bærekraftsfylket Rogaland har me, i samarbeid med kommunane og Statsforvaltaren, lansert ein samla status for berekraft i fylket. Statistikkportalen Rogaland i tal gir tilgang til sentrale nøkkeltal og visar utviklinga basert på 41 berekraftsindikatorar. Det er også utarbeidd eigne rapportar for kvar kommune og for regionen samla. Dette gir eit betre grunnlag for å prioritera tiltak som fremjar berekraftig utvikling. Fylkeskommunen har vidare lagt til rette for kommunalt samarbeid om konkrete utfordringar, mellom anna ved ombruk av areal, bygg og inventar.

Som myndigheitsutøvar, tenesteleverandør og samfunnsutviklar bidreg fylkeskommunen breitt til å nå utviklingsmåla, mellom anna gjennom arbeid med fylkesvegar og kollektivtilbod, vidaregåande opplæring og dessutan saksbehandling og rådgiving.

Her er nokre sentrale resultat frå 2025 for kvart utviklingsmål.

Attraktive lokalsamfunn, tettstader og byar

I 2025 har Rogaland fylkeskommune arbeidd aktivt for å utvikla attraktive lokalsamfunn, tettstadar og byar gjennom satsingar på god arealpolitikk, kultur, idrett, mobilitet og miljøtiltak.

Gjennom handlingsprogramma til Regionalplan for kultur og idrett og Regionalplan for kulturmiljø ligg føringar for å utvikla gode tilbod i levande lokalsamfunn og bevara kulturarven gjennom tilskot til verneverdige bygg, anlegg og fartøy. Fylkesbiblioteket har vore ein viktig aktør i arbeidet med å gjere biblioteka til inkluderande møteplassar, og har i tillegg jobba med å styrkja berekraftig reiseliv og næringsutvikling som bidreg til levande lokalsamfunn.

Tilskotsordningar med ei samla fordeling på om lag 288 millionar kroner har bidratt til aktivitet i kommunar, lag og foreiningar. Midlane har støtta lokale møteplassar, frivillighet, idrett og folkehelse, og lagt til rette for levande og inkluderande lokalsamfunn.





Fylkeskommunen arbeider kontinuerleg for å forbetra mobilitet og tilgjengelegheit. Året har vore prega av mange politiske saker om det kollektive rutetilbodet og ein krevjande økonomisk situasjon. Grunna ekstra løyvingar over statsbudsjettet har me unngått vesentlege rutekutt i 2026. I 2025 har fleire store infrastrukturprosjekt nådd viktige milepælar, og mange er bygga ferdig. Bussveien mellom Stasjonsveien og Gauselvågen/Jåttå opna eit år tidlegare enn planlagt. I tillegg er kollektivtraseen Ullandhaug–Jåttå og ny kollektivakse ved Nye SUS i Stavanger kommune etablert, og fleire gang- og sykkelveggar er ferdigstilte.

Vidaregåande opplæring og fagskolar bidreg til levande lokalsamfunn gjennom høg aktivitet i heile fylket. Skular og utdanningsinstitusjonar skaper dagleg liv i byar og tettstadar og styrkjer lokal handel og tenestetilbod. Auka tal på læreplassar og tett samarbeid med lokale bedrifter styrkjer arbeidslivet og sikrar kompetanse i regionen. Tiltak for betre gjennomføring og tettare samarbeid med kommunar og arbeidsliv bidreg til inkludering, deltaking og langsiktig utvikling av attraktive lokalsamfunn.

Konkurransedyktig region

I 2025 har Rogaland fylkeskommune jobba aktivt for å styrkja konkurransekrafta i regionen gjennom tiltak innan næringsutvikling, kompetanse og infrastruktur. Me har vedteke ei revidert nærings- og innovasjonsstrategi som skal leggja til rette for omstilling, auka verdiskaping og betra tilgang på relevant kompetanse i heile fylket. Gjennom tett samarbeid med næringsklyngjer, næringshagar og inkubatorar er det arbeidd målretta med å utvikla sterke fagmiljø og leggja til rette for nyetableringar. Samtidig er arbeidet med å rekruttera arbeidskraft og tiltrekka ny kompetanse til regionen styrkt gjennom Invest in Rogaland.

Fylkeskommunen sitt arbeid med opplæring legg eit viktig grunnlag for å utvikla og supplera arbeidsstyrken i Rogaland. Gjennom høg gjennomføring i vidaregåande opplæring, auka tal på læreplassar og mange beståtte fag- og sveinebrev, styrkar me tilgangen på kvalifisert fagarbeidskraft. Vaksenopplæring, fagbrev på jobb og fagskuleutdanning bidreg til at fleire får formell kompetanse og kan møta behovet i arbeidslivet.



I tillegg bidreg karriererettleiing og tett samarbeid med lærebedrifter til betre kopling av kompetanse og auka deltaking i arbeidslivet.

Helsefremjande og inkluderande samfunn

I 2025 har fylkeskommunen kome godt i gang med arbeidet med Regionalplan for helsefremjande og inkluderande samfunn. Planprogrammet er sendt på høyring og har fått mange gode og konstruktive innspel frå kommunar, organisasjonar, fagmiljø og andre aktørar i regionen. Det breie engasjementet viser at dette er eit område som samlar og mobiliserer på tvers av sektorar.

Fylkeskommunen har også gjennomført ei rekkje direkte tiltak som styrkjer deltaking, livskvalitet og like moglegheiter i heile fylket. Me har fordelt tilskot til folkehelse, idrett, friluftsliv, frivilligheit og integrering, noko som gir aktivitet og inkluderande møteplassar i kommunane. Biblioteka er vidareutvikla som opne og tilgjengelege arenaer for kunnskap og fellesskap. Innan opplæring er retten til fullføring styrka, og oppfølgingstenesta er utvida for å førebyggja utanforskap. Universell utforming, tilrettelegging for gange og sykkel og TT-ordninga (tilrettelagt transport) bidreg også til at fleire kan delta aktivt i samfunnslivet.

Klimaomstilling og livskraftig naturmiljø

Hausten 2025 vart Regionalplan for natur og klimaomstilling med tilhøyrande planprogram sendt på høyring. Planen skal gi retning for arbeidet med å styrkja naturmangfald, redusera klimagassutslepp og leggja til rette for god klimatilpassing i fylket.

I 2025 har fylkeskommunen også arbeidd aktivt med å vareta naturmangfald, landskap og kulturmiljø gjennom oppdatering av oversikter over kulturmiljø av regional og nasjonal interesse. Dette styrkjer kunnskapsgrunnlaget for vern og forvaltning. Vidare bidreg samordninga av planarbeid, inkludert vannregionplanar og



revisjon av Heiplanen, til betre og meir heilskapleg forvaltning av natur- og ressursområde.

Gjennom satsinga på meir berekraftig mobilitet, utbygging av gang- og sykkelveggar og kollektivinfrastruktur legg me til rette for redusert transportutslepp og grøn omstilling i praksis.

Fylkeskommunen har også gjennomført ei rekkje direkte tiltak som styrkjer deltaking, livskvalitet og like moglegheiter i heile fylket.



Omstilling 2028

Omstilling 2028 er eit prosjekt som starta opp i 2025 for å sikra kontinuerleg forbetring i Rogaland fylkeskommune. I tråd med økonomiplanen for 2025–2028 skal prosjektet vara i to år, med moglegheit for eitt års forlenging. Målet er å bidra til at Rogaland fylkeskommune gjennomfører varig omstilling.

Hovudmål:

- Sikre ein organisasjon som kontinuerleg omstiller og effektiviserer arbeidsmetodar, verktøy og prosessar.
- Utnytta ressursar meir effektivt. Driftskostnadene skal reduserast med minimum 150 millionar i perioden 2026–2028. Omstillingsbehovet vil justerast undervegs.

Ei prosjektgruppe vart sett ned med tre tilsette i 2,4 årsverk. Prosjektgruppa er ei mellombels eining for å koordinera arbeid, utvikla felles metodeverk, sikra framdrift og hjelpa direktør-områda med prosessar, metodar og analysar.

Direktørane har ansvar for å identifisera omstillingsområde i egne verksemdar, i samarbeid med prosjektgruppa knytt til fylkesdirektøren, og driva prosjekta med prosjektgruppa som bistand. Innsparingstiltaka blir samkøyrde og lagde inn i budsjett og økonomiplan.



Opplæring



Den nye opplæringslova gir elevar og lærlingar utvida rett til å fullføre vidaregåande opplæring, og i 2025 har me jobba med meiroplæring og gode overgangar. Samtidig har Rogaland fylke vedtatt nye satsingsområde som skal sikre eit inkluderande og trygt læringsmiljø for alle.

Dei nasjonal overordna måla for kunnskapssektoren er at alle skal ha lik mogelegheit til å delta i arbeids- og samfunnsliv, og alle skal utvikle ein kompetanse som dei sjølv eller samfunnet treng. I tråd med dei nasjonale måla vedtok fylkestinget i Rogaland satsingsområde for 2025–29. Satsingsområda gjev retning for arbeidet i vidaregåande opplæring i Rogaland og motiverer til å skapa gode resultat i fellesskap.

Måla er:

- Fremja eit godt inkluderande læringsmiljø.
- Fremja ei aktiv og sjølvstendig elevrolle.
- Digital livsmeistring og bevisst, utviklande bruk av teknologi
- Utvikle profesjonelle læringsfellesskap, sikre eit kompetanseløft for lærarane og styrke lærarrolla.

Rogaland fylkeskommune har som skuleeigar eit omfattande samfunnsoppdrag, som ein kan sjå i samheng med fylket sine utviklingsmål. Vidaregåande opplæring bidreg til å skapa attraktive lokalsamfunn, tettstader og byar, og gjer Rogaland til ein konkurransedyktig region. Skulane bidreg til å utvikle helsefremjande og inkluderande samfunn, og gjev elevane kunnskap om klimaomstilling og kva som skapar livskraftige naturmiljø.



«Ny» opplæringslov

Den nye opplæringslova frå 2024 gir blant anna elevane fleire rettar. I 2025 har me hatt merksemd på følgande:

- Elevane og lærlingane sin rett til å fullføre og retten til meir opplæring.
- Målgruppa til oppfølgingstenesta er utvida til fylte 24 år.
- Tilsette i skulen kan gripe inn fysisk i møte med krenkande åtfærd.
- Overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring.
- Overgang frå vidaregåande skule til læretid i bedrift.
- Utvida retten til vidaregåande opplæring for vaksne.



Resultat

Etter fleire år med jamn vekst har gjennomføring i vidaregåande opplæring begynt å flate ut.

I Rogaland fullførte 84,9 prosent av elevane som starta i 2018, innan fem til seks år, ei auke på 0,1 prosentpoeng frå 2017-kullet. Nasjonalt viser tala ein svak nedgang i same periode.

Skuleårsfullføringa viser ein tilsvarande tendens, med 85,2 prosent av elevane som fullførte og bestod skuleåret 2024/25, ein nedgang frå året før. Samtidig held andelen som sluttar i løpet av året seg stabil, på 3,1 prosent.

Det har vore ei betydeleg auke i talet på nye lærekontraktar, opplæringskontraktar og lærebedrifter. Fleire søkjarar fekk læreplass, og fleire elevar hadde progresjon til lære eller annan utdanning frå Vg2 yrkesfag. Talet på avlagte og beståtte kompetanse-, fag- og sveineprøvar har halde seg stabilt, mens talet på heva kontraktar har auka markant dei siste fem åra.

Tal frå Elevundersøkelsen viser at elevane i Rogaland trivst godt på skulen. Auka i mobbetala me såg etter korona, har no flata ut på 4,5 prosent blant Vg1-elever, klart lågare enn landsgjennomsnittet. Samtidig viser tal frå Ungdata ei auke i andelen som opplever mobbing samanlikna med 2022. Blant lærlingane er det nokre færre som rapporterer om mobbing på arbeidsplassen enn tidlegare.

85,2 prosent av elevane fullførte og bestod skuleåret 2024/25, ein nedgang frå året før.



Kvalitetsmeldinga for 2025 gir ei grundig samanstilling av resultatata frå skuleåret 2024/25 og er å finne på Rogaland fylkeskommune si heimeside.

I 2025 leverte me:

- skuleplass til 16 962 elevar i vidaregåande skule
- innføringstilbod til 660 minoritetsspråklege elevar
- 3 352 nye læreplassar til lærlingar og 122 til lærekandidatar
- 77 elevar i fagopplæring i skule og 171 fagbrev på jobbkontraktar
- 3 930 bestått fag- og sveinebrev og kompetanseprøvar (lærekandidatar)
- 5 784 skriftlege privatisteksamenar og 2 390 munnlege privatisteksamenar
- vaksenopplæring til 2377 deltakarar
- fagskuleutdanning til 1927 studentar
- nettbasert vidaregåande opplæring til 564 elevar
- karriererettleiing til 2685 brukarar og 1719 personar vart rettleia i grupper eller samlingar



Utviklingsarbeid

For vidaregåande opplæring er det pågåande utviklingsarbeid knytt til satsingsområda og dei påverkar elevane og lærlingane si gjennomføring, læringsresultat og læringsmiljø. Dette er utviklingsarbeid som er organisert av avdeling opplæring i skule eller bedrift og av PPT, her er nokre eksempel:

- Rogaland fylkeskommune mottar saman med Universitetet i Stavanger statlege tilskot til kompetanseutvikling, og fleire skular har utviklingstiltak innan tema som læringsfremjande relasjonar, elevmedverking og vurdering.
- I 2024/25 har 164 lærarar fått støtte frå Utdanningsdirektoratet til vidareutdanning. Om lag 50 tilsette har fått stipend til å tar PPU-Y eller YFL, som gjer dei kvalifisert til å undervise på yrkesfaglege utdanningsprogram.
- «Helhetlig fag- og yrkesopplæring» (HFY) er eit pågåande tiltak på tvers av vidaregåandeskule, lærebedrifter og prøvenemnder, og målet er at elevar, lærlingar og lærekandidatar skal oppleve eit samanhengande 4-årig opplæringsløp.
- Avdeling opplæring i bedrift styrkjer kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa gjennom systematisk rettleiing, kontroll og oppfølging av lærebedrifter, opplæringskontor og prøvenemnder.
- Fylkeskommunen har som skuleeigar ansvar for å sikre best mogleg overgangar og opplæringsløp, har eit pågåande arbeid med å utvikla rutinar i samarbeid med kommunane i fylket.
- PPT arbeider med kompetanseheving gjennom ulike nettverk og utviklingstiltak, og målsettinga er å styrke elevar og lærlingar si psykisk helse og betre gjennomføring ved vidaregåande skular.



Elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring

Kilde: SSB

	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025
Elevar ved fylkeskommunale vgs	16 526	16 417	16 455	16 568	16 962
Personer i innføringstilbud for nyankomne minoritetsspråklige	192	213	360	568	660
Elevar i private skular	1 889	1 932	1 892	1 896	1 912
Lærlingar med læreplass i Rogaland	5 589	5 960	6 053	6 438	6 612
Lærekandidatar i Rogaland	155	188	209	237	219
Elevar i Vg3 fagopplæring i skule	85	78	64	63	47
Antal nye fag/svenne/kompetansebevis	3 606	3 416	3 678	3 637	3 909

Lokale tal frå fagopplæring i bedrift

Kategori	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Talet på nye lærlingar	2 589	3 052	3 160	3 145	3 393	3 352
Talet på nye elevar i fagopplæring i skule	138	99	84	73	47	77
Talet på nye kontrakter, fagbrev på jobb	44	79	70	90	139	171
Talet på nye lærekandidatar	74	98	118	144	143	122
Talet på avlagte fag- og sveineprøvar			3 815	4 138	4 031	4 402
Talet på beståtte fag/svennebrev og kompetanseprøvar			3 446	3 756	3 675	3 930

Privatisteksamenar

Eksamensform	2021/22	2022/23	2023/24	2024/25
Muntleg	2 830	2 099	2 303	2 390
Skriftleg	6 062	5 427	5 599	5 784



Rekneskap 2025

Opplæring sentrale funksjonar	PPT og OT	Opplæring i bedrift	Videregående opplæring	Fagskolen	Vaksen-opplæring	Kriminalomsorgen	Sum netto driftsutgifter
185,1	55,7	558,1	2 859,9	0,9	60,8	-0,6	3 719,8

	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Avvik
Løn	3 264,3	3 241,0	-23,4
Andre driftsutgifter	1 266,0	1 208,5	-57,6
Sum utgifter	4 530,4	4 449,4	-80,9
Sum inntekter	-810,6	-700,3	110,2
Netto driftsresultat	3 719,8	3 749,1	29,3

Investeringar 2025

Plan og tilrettelegging	1,1
Avsetning fond	3,0
Inventar, utstyr og køyretøy	52,6
Sum investeringar	56,8

Investeringar i skulebygg inngår i stabsområdet økonomi og eigdom
Tal i millionar kroner



Samferdsel



Hølland bru

2025 var eit år prega av omstilling i tenesteområdet og god framdrift i byggeprosjekta. Inngåinga av nye kontraktar for kollektivtrafikken, skapte utfordringar i ein spent budsjettsituasjon, og kravde vanskelege prioriteringar.

Det har vore mange politiske saker om rutetilbodet i fylket og den vanskelege økonomiske situasjonen. Dette kjem av at dei nye busskontraktane som startar i juli 2026 har høge kostnader. Ekstraløyving i statsbudsjettet, med bakgrunn i den krevjande situasjonen i kollektivtrafikken, er den viktigaste grunnen til at det ikkje blir kutt i rutetilbodet i 2026. Samla sett har det vore eit år prega av uvisse for den framtidige kollektivtrafikken i fylket, med utfordringar ved elektrifisering av båtar, innleige av reservebåtar, merksemd på problem med snik og omorganisering av Kolumbus.

Dette jobbar me med årleg:

- Drift, vedlikehald og utvikling av fylkesvegnettet, til saman om lag 2 500 kilometer veg. Dette utgjør 85 prosent av vegnettet i fylket vårt.
- Me styrkjer miljøvennleg transport i byområda på Jæren og på Haugalandet, mellom anna gjennom ei sterk satsing på kollektivtransport, gange og sykkel.
- Skuleskyss og tilrettelagd transport (TT-ordning), trafikktryggleik og oppfølging av drosjeløyve, selskapsvognløyve og ruteløyve.

Resultat

Rogaland fylkeskommune har gjennom Kolumbus AS inngått kontrakt for to rutepakkar, for Nord-Jæren, Jæren og Dalane. Kontrakten for Nord-Jæren er Noregs største busskontrakt målt i kilometer.



I 2025 har ei rekkje store infrastrukturprosjekt nådd viktige milepælar, og mange prosjekt er fullført til rett tid, innanfor den økonomiske ramma. Dette er eit resultat av god prosjektstyring og godt samarbeid. Gjennom effektive drift- og vedlikehaldstiltak har me også tatt godt vare på det eksisterande vegnettet me har i fylket.

I 2025 vart følgjande større prosjekt fullført og opna:

- Bussveg-strekninga Stasjonsveien – Gauselvågen/Jåttå vart opna, eitt år før planlagt opning. Sommaren 2026 vil heile Bussveien mellom Sandnes og Hillevåg stå ferdig.
- Kollektivtrasé Ullandhaug – Jåttå og kollektivakse Nye SUS, Stavanger kommune. Kollektivtraseen binder saman sjukehuset til Bussveien og jernbanen, og sto ferdig i god tid før det nye sjukehuset i Stavanger vart sett i drift i november 2025. Denne infrastrukturen inkluderer også gode løysingar for gåande og syklende.
- Gang- og sykkelveg Årdalstunet – Bøen fv. 4672, Hjelmeland kommune.
- Gang- og sykkelveg Ytstebrødveien fv. 4286, Eigersund kommune.
- Gang- og sykkelveg Saudasjøen – Sauda fv. 520, Sauda kommune.
- Gang- og sykkelveg Sandeid – Lærdal fv. 514, Vindafjord kommune.
- Nytt fortau Hinderåvåg fv. 4786/4788, Tysvær kommune.
- Nytt veganlegg Åkra fv. 547, Karmøy kommune.
- Ny kulvert i Prestegårdveien under fv. 516, Sandnes kommune.
- Bussvei fv. 44 Jernbaneveien – Olav V's Plass– Elvegata, Sandnes kommune.
- Bussvei fv. 44 Stasjonsveien – Gauselvågen, Stavanger kommune.
- Bussvei fv. 44 Nådlandsbråtet – Hans og Grete Stien, Sandnes og Stavanger kommune.

I tillegg har me mellom anna:

- fornya Hølland bru fv. 4328, Hå kommune
- lagt nytt asfaltdekke på om lag 84 kilometer fylkesveg
- reparert kai for hurtigbåt på Vassøy, og utbetra Eidsund ferjekai og Søreivågen ferjekai
- utført vedlikehald av ein rekke bruer
- bygd nye bruer på fv. 44 i Sokndal (Hellernbekken og Jøssingfjord)
- oppgradert Gamleveien gjennom Krossen i Sokndal kommune
- utført skredsikring på Fistervegen i Hjelmeland kommune og ved Åsjuvet i Suldal kommune
- utført ei rekke tiltak i Karmøytunellen
- etablert mykje nytt veglys langs fylkesvegane

Me har og utført ei rekke mindre investeringstiltak knytt til arbeid og kontraktar, der ein nyttar ledig kapasitet hos både byggherrar og entreprenørar for å få meir veg for pengane. Eit eksempel på dette er oppgradering av ei rekke busshaldeplassar i forbindelse med reasfaltering.





Utvikling

- Første spadestikk vart sett i Oalsgata, eit av dei mest etterlengta prosjekta i porteføljen til Bymiljøpakken. Her blir vegen oppgradert for å gjera det tryggare og enklare å gå og sykla.
- Første spadestikk vart òg sett for prosjektet Fagerheim–Førland fv. 47 i Haugesund. Haugalandspakkeprosjektet skal utbetre vegen og bygga gang- og sykkelveg på strekninga.
- Samferdselsstrategien, som gir retning for fylkeskommunen si ressursprioritering innan samferdsel, vart revidert og vedteken i fylkestinget i desember.
- Arbeid med rullering av handlingsprogram for samferdsel.
- Arbeid med effektivisering av drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, og førebuingar til fornying av fleire driftskontraktar.
- I slutten av april tok fylkeskommunen imot besøk frå Stortingets transportkomité. Komiteen fekk ein presentasjon om Bypakke Haugesund–Karmøy, samt ei synfaring av Bussveien.
- Arbeid med å etablere eit kvalitetssystem som dekker dei sentrale arbeidsprosessane. Arbeidet skal sikre einskapleg praksis, ansvarsfordeling og grunnlag for kontinuerleg forbetring og internkontroll.
- Fylkeskommunen skal planlegga og leggja til rette for kostnadseffektive løysningar ved å balansera ambisjonsnivå, handbokkrav og lokale behov. Ein del av dette er å vurdere fråvik frå vegnormalane. Det er i 2025 gjennomført eit systematisk arbeid for å kartlegge moglege standardfråvik, og det vil bli arbeidd vidare med å undersøkje kor vidt bruk av fråvik kan vera eit verktøy for å redusera kostnader.



Rekneskap 2025

Samferdsel sentralt	Netto bruk av bundne driftsmidler til investeringsformål	Mobilitet og transport	TT (tilrettelagt transport) og drosjeløyver	Trafikk-sikringstiltak (FTU)	Kollektiv (buss, båt, ferje)	Vegar	Sum netto drifts-utgifter
3,7	-46,0	22,1	31,9	15,7	1 460,3	948,2	2 435,9

	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Avvik
Løn	146,6	139,8	-6,8
Andre driftsutgifter	3 668,3	3 609,3	-58,9
Sum utgifter	3 814,8	3 749,1	-65,7
Sum inntekter	-1 378,9	-1 302,2	76,7
Netto driftsresultat	2 435,9	2 446,9	11,0

Investeringar 2025

Utlån	0,0
Avsetning fond	871,2
Aksjer og andelar	13,9
Vegar	1 635,2
Sum investeringar	2 520,3

Tal i millionar kroner



Samfunn

Frå 1. januar 2025 trådde ny organisering av tenesteområdet i kraft med tre avdelingar og ni seksjonar.

Tenesteområdet har ansvar for mange oppgåver knytt til fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar. Me skal vera pådrivar for omstilling, auka konkurransekraft og sysselsetjing i Rogaland. Dette operasjonaliserast mellom anna gjennom ein rekkje planar og strategiar. Tenesteområdet har også ei sentral rolle i prosessen med å samordna, forenkla og tydeleggjere plansystemet i Rogaland.

Resultat

- Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet var vedteken av fylkestinget.
- Dei tre planprogramma for høvesvis Rogaland, Vestland og Agder vannregionar vart lagt fram og fastsett av fylkesutvalet.
- Ein komplett Nærings- og innovasjonsstrategi med kapitla med forslag til tiltak for dei tre prioriterte næringsområda; mat, reiseliv og opplevingar og energi og maritim, vart vedteken av fylkestinget.





- Fylkeskommunen har vore aktiv i behandling av kommunale plan- og byggjesaka gjennom uttalar, politiske sakar, meklingar og regionale planforum.
- Gjennom Gode bibliotekrom har ni kommunar utvikla meir tilgjengelege og brukarvennelege biblioteklokale.
- Første utlysing og tildeling av midlar frå Regionalt kulturfond.
- Opera Rogaland vart integrert i Stavanger Symfoniorkester.
- Koordinerte markeringa av Crossings 200, markeringa av 200-årsjubileet for den første organiserte utvandringa frå Noreg til Amerika.
- Tilførte nye kulturmiljø av regional interesse i oversikta over viktige kulturmiljø i Rogaland.
- Bidratt til folkehelse, idrett, friluftsliv, frivillighet, integrering, stadutvikling og universell utforming ved tildeling av rundt 288 millionar kroner frå ulike tilskotsordningar.
- I 2025 tok Invest In Rogaland imot ein rekke delegasjonar med til saman 125 delegatar frå ei rekke ulike land. Dei fekk 40 førespurnadar frå selskap som vurderer å etablera seg i regionen. Fire av desse resulterte i konkrete etableringar eller reetableringar. Tre førespurnadar er lagt på is og det jobbast aktivt med dei øvrige prosessane. Fylkesbiblioteket var medarrangør på 78 offentlege arrangement i biblioteka med totalt 5198 i publikum.
- Innovasjon Norge og SIVA fekk overført 28,1 millionar kroner til næringshagar, inkubatorar og bedriftar innan deira felt.
- I 2025 fekk Rogaland fylkeskommune utbetalt omtrent 14 millionar kroner frå Havbruksfondet.

Utvikling

Arbeid med den nye heilskaplege fylkesplanen for regional utvikling, areal og mobilitet (FRAM) vart sett i gang i 2025. Planarbeidet samlar areal- og transportpolitikken frå seksten regionale planar i éin heilskapleg plan, der første fase skal fastsetja prioriteringar for arealbruk, transport og utvikling. Arbeidet med denne planen er eit viktig ledd i målet om å samordne, forenkle og tydeleggjere plansystemet i Rogaland. Dette følgast også opp i øvre planarbeid, og det er ein rød tråd til forenklingssarbeidet med tilskotsordningar.

- Regionalplan for natur og klimaomstilling vart sendt på høyring.
- Regionalplan for helsefremmende og inkluderende samfunn (HIS) vart sendt på høyring.
- FRAM – fylkesplan for regional utvikling, areal og mobilitet vart sendt på høyring.
- Revidering av Heiplanen vart lagd fram for fylkesutvalet som vedtok å setja i gang.
- I 2025 har det vore eit tett samarbeid med Gladmat, for å utvikla lokalmat-aktørar og lokalmat-arrangement i heile fylket.
- Gjennomført ei større modernisering og samordning av tilskotsforvaltninga i tenesteområde samfunn. Målet har vore betre samanheng mellom tilskot, fagleg kvalitet og regionale prioriteringar.
- I 2026 blir utviklingsarbeidet ført vidare gjennom ytterlegare forenkling, samordning og målretting av både tilskotsordningar og styringsdokument.



Rekneskap 2025

Samferdsel sentralt	Plan og kulturmiljø	Regional omstilling	Kultur og inkludering	Sum netto driftsutgifter
1,8	53,0	105,4	220,8	381,0

	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Avvik
Løn	128,6	138,1	9,5
Andre driftsutgifter	1 076,5	762,6	-313,9
Sum utgifter	1 205,0	900,7	-304,4
Sum inntekter	-824,0	-517,7	306,3
Netto driftsresultat	381,0	383,0	2,0

Investeringar 2025

Kjøp av aksjer og andelar	0
Sum investeringar	0,0

Tal i millionar kroner



Tannhelse

I 2025 har føretaket levert tannhelsetenester i tråd med tinginga frå fylkestinget.

I dei prioriterte gruppene var 133 345 personar under tilsyn, og saman med vaksne betalande var 167 065 personar under tilsyn i 2025.

Året 2025 var prega av betydelege endringar i rammevilkåra for den offentlege tannhelsetenesta. Året vart eit overgangsår for pasientrettar, særleg for unge vaksne. Det har vore ei gradvis utvikling i tilbodet om tannhelsehjelp for denne gruppa. Frå 1. juli 2025 fekk unge vaksne i alderen 19–28 år lovfesta rett til nødvendig tannhelsehjelp til redusert pris. Dette førte til endra prioriteringar, auka informasjonsbehov og justeringar i pasientflyten.

2025 innebar òg strukturelle endringar i klinikktilbodet. Ullandhaug tannklinikk opna tidleg i året som ein ny offentleg tannklinikk på campus ved Universitetet i Stavanger. Tannklinikken betener både prioriterte grupper og vaksne betalande pasientar, og bidreg til auka kapasitet og fagleg samhandling.

Det vart òg innført nye digitale løysningar, mellom anna ei SMS-basert betalingsløysing som reduserer

behovet for fysisk betaling og endra delar av pasientkontakten. Arbeidet med kvalitetsutvikling heldt fram, mellom anna gjennom oppfølging av resultatane frå tidlegare brukarundersøkingar.

Folkehelsearbeidet er ein integrert del av verksemda til Tannhelse Rogaland. Tenestene har hatt særleg merksemd på førebyggjande og helsefremjande tiltak retta mot prioriterte grupper, barn og unge, samt samarbeid med kommunar og andre aktørar innan helse og oppvekst. Gjennom systematisk bruk av målretta rettleiing og tverrfagleg samhandling bidreg tannhelsetenesta til å redusere sosiale skilnader i den generelle tannhelsa, og styrkje den samla folkehelsa i befolkninga.

I løpet av 2025 gjennomførte Tannhelse Rogaland ei justering av leiingsstrukturen i organisasjonen. Endringa har bidrege til ei klarare ansvars- og rolledeling mellom nivåa, med mål om å styrkje avgjerdskrafta nærare drifta og tydeleggjere skiljet mellom linjeleiing og strategisk leiing.

Tannhelse Rogaland FKF har si eiga årsmelding. I årsmeldinga finn du meir informasjon om aktivitetane i føretaket, og om stoda for tannhelsa i fylket. Me viser til årsmeldinga for nærare detaljar om tenesta.





Rekneskap 2025

	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Avvik
Løn	0,0	0,0	0,0
Andre driftsutgifter	406,5	406,5	0,0
Sum utgifter	406,5	406,5	0,0
Sum inntekter	0,0	0,0	0,0
Netto driftsresultat	406,5	406,5	0,0

Tal i millionar kroner



Eigedomsforvaltning

I løpet av 2025 har me jobba med mange spennande byggjeprojekt. Me har halde fram på ombygginga av fylkeshuset, og starta opp byggjearbeid på bygg for yrkesfaglege studieretningar på Karmsund-, Strand- og Øksnevad vidaregåande skule. I tillegg er me i gang med å byggja ny idrettshall på Tau.

Det har også vore byggjearbeid på dei vidaregåande skulane St. Olav og Stavanger katedralskule avdeling Kongsgård. Den tekniske rehabiliteringa av Sola vidaregåande skule er ferdigstilt. På Skeisvang vidaregåande skule er det oppretta ein ny energisentral med energibrønner, det gamle C-bygget («Sibir») er rive, og grunnarbeid for nybygget er gjennomført.

Ny vidaregåande skule i eller nær Stavanger sentrum vart utgreidd, og det er endeleg vedteke at det kjem ein ny vidaregåande skule i Eigersund til erstatning for dagens Dalane vidaregåande skule.

Ombygging av fylkeshuset

Me rehabiliterer og byggjer om fylkeshuset. Det er fleire årsaker til at dette skjer. Ei årsak er behovet for fleire arbeidsplassar. I tillegg har fylkeshuset eit stort behov for vedlikehald og oppgradering. Ombygginga skal leggja til rette for auka trivsel og betre samhandling, både internt i organisasjonen og i møte med innbyggjarane. Kapasiteten skal aukast frå omtrent 350 til 600 tilsette. Med dette vil fylkeskommunen samla administrasjonen i Stavanger på éin stad, i egne lokale, utan å måtte leiga kontorplass andre stader i byen. Ombygginga skal vera ferdig sommaren 2027.

Utbygging av kapasitet for yrkesfaglege studieretningar

Dei seinare åra har utbygging av kapasitet for yrkesfaglege studieretningar vore prioritert. I dei nye verkstadbygga på dei vidaregåande skulane Øksnevad, Strand og Karmsund, blir det totalt bygd 225 nye elevplassar for utstyrskrevjande yrkesfag. Med dette meiner fylkesdirektøren at kapasiteten for utstyrskrevjande yrkesfag nærmar seg tilfredsstillande.





Anna frå eigedom

I løpet av 2025 vart det gjennomført 302 tiltak for spesielt vedlikehald. Det er mellom anna bytt dekke i Brynehallen, Randaberg vidaregåande skule har vorte måla utvendig og det er gjort tiltak for å forbetra verkstadkapasiteten på Karmsund vidaregåande skule. I tillegg har fylkeskommunen

overteke ein flyhangar tilknytt Sola vidaregåande skule for å styrkja flyfaget. Fleire mellombelse lokale vart også sette i stand for å ta imot elevveksten til skulestart hausten 2025. I Haugesund vart også dei leigde lokala på Hollenderhaugen ferdigstilte.

Universell utforming

Kor	Kva	Forbrukt 2025
Bryne vgs	Akustikk Brynehallen	327
Stavanger katedralskole	UU dørautomatikk	123
St. Svithun vgs	Tilrettelegge inngangspartier	738
Vardafjell vgs	Etablering av dører og dørautomatikk	291
Bergeland vgs	Akustikk og ny dørautomatikk	228
Dalane vgs	Tilpassingar HC	152
Gand vgs	Tilpassing hørselshemming i klasserom	214
Godalen vgs	Skilting	109
Haugaland vgs	UU tilpassa inngangsparti Eik bygget	341
Karmsund vgs	Skifte heis som er UU-tilpassa	830
Karmsund vgs	Skifte heis som er UU-tilpassa	322
SOTS	Tilpassinger respesjon rullestolbruker	162
Ølen vgs	Tak mellom inngangsparti	357
Åkrehamn vgs	Tilpassinger inngangsparti	186
Diverse skular	Skilting og merking	392
Overføring til prosjekt	UU-tilpassa løfteplattform Karmsund	665
		5 437



Brannsikring

Kor	Kva	Forbrukt 2025
Bryne vgs	Gass tryggingssystem	723
Sandnes vgs	Utskifting av nødbelysning	637
Skeisvang vgs	Oppgradering tilfluktsrom	110
Vardafjell vgs	Utbetring feil etter tilstandsanalyse	522
Dalane vgs	Offentlege pålegg kjøkken	451
Dalane vgs	Utskifting brannalarmanlegg	391
Godalen vgs	Utskifting av branndører	124
Godalen vgs	Opprusting tilfluktsrom	149
Haugaland vgs	Utskifting defekte branndører	835
Haugaland vgs	Renovering av tilfluktsrom	407
Jåttå vgs	Nytt nødlysanlegg	339
Karmsund vgs	Oppgradering tilfluktsrom	204
Karmsund vgs	Rydde opp i brannsentral	296
Randaberg vgs	Sprinkleravvik renholdssentral	204
Sauda vgs	Rette feil etter tilsyn	308
Sauda vgs	Etablering sprinkleranlegg	2 660
Strand vgs	Utskifting av brannsløyfer	477
Ølen vgs	Renovering av tilfluktsrom	100
		8 937

Enøktiltak

Kor	Kva	Forbrukt 2025
Bryne vgs	Skifte til LED belysning	973
Kopervik vgs	Skifte til LED belysning	183
St. Olav vgs	Etablering av fjernvarmeinnlegg	705
St. Svithun vgs	Skifte til LED belysning	1 222
Vardafjell vgs	Skifte til LED belysning	2 506
Godalen vgs	Skifte til LED belysning	271
Haugaland vgs	Skifte til LED belysning	572
Jåttå vgs	Skifte til LED belysning	1 686
Sauda vgs – avd. Sand	Skifte til LED belysning utvendig	268
Sauda vgs	Montering av behovstyrt ventilasjon	612
Sola vgs	Skifte til LED belysning	1 354
Ølen vgs	Skifte til LED belysning	545
		10 897

Energiforbruk

År	kWh/m ²
2009	151
2010	171
2011	141
2012	139
2013	143
2014	131
2015	123
2016	123
2017	116
2018	110
2019	110
2020	112
2021	112
2022	107
2023	108
2024	106
2025	101*

Snitt energiforbruk på heile fylkeskommunen si eide bygningsmasse

*Grunna rehabilitering av fylkeshuset er ikkje energiforbruk på administrasjonsbygg med i energiforbruk 2025.



Medarbeidarar og organisjonsutvikling





Administrativ organisering

Ved årsskiftet hadde Rogaland fylkeskommune 4232 tilsette som utfører 3938 årsverk. Av desse er 2593 kvinner (61 prosent) og 1639 menn (39 prosent). Gjennomsnittsalderen for tilsette i fylkeskommunen er 47 år. I Tannhelse Rogaland FKF er det 429 tilsette, av desse er 382 kvinner (89 prosent) og 47 menn (11 prosent).

Som ein del av omorganiseringsprosessen retter fylkesdirektøren merksemda mot nye arbeidsformer og styrkt samarbeid. Tenesteområda er tildelt faste kontaktpersonar innan personal- og leiarstøtte og økonomiforvaltning. Leiargruppene ved dei vidaregåande skulene har fått besøk av kontaktpersonen sin frå HR-avdelinga, som har gjort greie for avdelinga sine tenester og kva støtteavdelinga kan tilby. Omorganiseringa av fylkesadministrasjonen er i ferd med å finna si form. Det er viktig å arbeida målretta vidare med roller og ansvar slik det kjem fram i det administrative delegeringsreglementet og dessutan arbeida med å ta ut effektane av omorganiseringa med omsyn til intensjonane i Omstilling 2028.

Aktivitetar gjennom året:

I 2025 jobba me med og gjennomførte desse tiltaka i stabs- og støtteområda:

- Sluttført anskaffingsprosess og skifta rekrutteringssystem.
- Gjennomført ein anskaffingsprosess med markedsdialog, risikoanalyse, erfaringsdeling med andre fylkeskommunar og påfølgande kravspesifikasjon for eit nytt medarbeidarkartleggingverktøy.
- Tilpassingar til nytt ERP-system som vart implementert frå 1. januar 2026. Eit ERP-system er eit system for økonomi, lønn, anskaffingar og andre viktige oppgåver – alt samla på éin stad.
- Sluttført anskaffingsprosess og skifta rekrutteringssystem.
- Samarbeida med andre fylkeskommunar og laga kravspesifikasjon for eit nytt medarbeidarkartleggingverktøy.
- Etablert arenaer for leiarnettverk, leiarstøtte, leiarutvikling og leiaropplæring. Fylkesdirektør legg til grunn at dette er viktige element for å etablere ei heilskapleg administrativ leining av fylkeskommunen.
- Etablert eit sentralt digitaliseringsteam og områdespesifikke digitaliseringsteam. Dei medverkar til å sikre og strukturere digitaliseringsarbeidet i organisasjonen. Arbeidet med ny digitaliseringsstrategi for dei komande fem åra er starta opp.
- Starta opp prosjekt “nytt intranett for heile Rogaland fylkeskommune”.
- Arrangerte medietrening for rektorane på dei vidaregåande skulane.
- Kurs i klarspråk for saksframlegg og korte tekstar.
- Laga kort film om kvar av dei regionale planane til sosiale medium.
- Utrulla Multisak – eit system for saksbehandling der RFK sjølv set opp prosessar og korleis saksbehandling skal føregå for å gje skreddarsaum.
- Utvida bruk og funksjonalitet i KI i postmottaket.
- Førebuande arbeid i forbindelse med at ny arkivlov med forskrifter tredde i kraft 1. januar 2026, samt utforska kva moglege retningar ein kan gå for at arkivet blir ei drivkraft i digitaliseringsarbeidet.
- Tatt i bruk dataplattform Microsoft Fabric der me samlar store mengder data frå eksterne og eigne kjelder ein stad.
- Implementert fleire dokument for styring og strukturering av IT-arbeidet framover.
- Sett i gang arbeid på dokumentasjon, automatikk og systematisk styring for å styrka informasjonstryggleiken og førebu RFK på NIS2 regelverket som kjem.
- Utarbeidd ny anskaffingsstrategi som er vedteken gjeldande for 2026 til 2030.



Lærlingkontoret

Lærlingkontoret i Rogaland fylkeskommune har hatt eit aktivt år med fokus på rekruttering, oppfølging av lærlingar og lærekandidatar, gjennomføring av kurs og samlingar, og arbeidet for å utvide fagtilbodet i organisasjonen.

Ved utgangen av året er det 81 aktive lærekontraktar i 15 ulike lærefag. Måлтаlet for 2025 er å auka til 100 lærlingar, og årsaka til at lærlingkontoret ikkje har nådd måлтаlet ved årsslutt, er mellom anna at rundt 10 lærlingar har avslutta læreforholdet i løpet av året grunna personlege årsaker eller feilval. Det har også vore ubesette lærlingstillingar i reinhaldsoperatørfaget. Dette er eit lærefag som det har vore vanskeleg å rekruttere lærlingar til, noko som kanskje vil endre seg når vaksen-opplæringa får auka ressursar til dette lærefaget.

Rundt 35 lærlingar fullførte opplæringa si i Rogaland fylkeskommune og bestod sitt fagbrev, fleire med karakteren «meget godt bestått». Like mange nyttilsette lærlingar deltok på «Introduksjonsdagen» i september og starta opplæringa si i fylkeskommunen denne hausten. Lærlingkontoret avsluttar året med å ha 60 nye lærlingstillingar klare for utlysing i januar 2026.

Lærlingane i fylkeskommunen har læretida si på vidaregåande skular og i fylkesadministrasjonen innan desse lærefaga:

- IT-driftsfaget
- service- og administrasjonsfaget
- barne- og ungdomsarbeidarfaget
- reinhaldsoperatørfaget
- helsearbeidarfaget
- byggdriftarfaget
- ernæringskokkfaget
- kokkfaget
- salsfaget
- hestefaget
- akvakulturfaget

Nye lærefag i 2025 er:

- innhaldsproduksjonsfaget
- gartnerfaget
- dataelektronikerfaget
- dronedefaget





Likestilling og mangfald

Kjønnsfordeling per kapittel

Oversikt over tilsette i Rogaland fylkeskommune fordelt på stillingskapittel og kjønn

Kapittel	Kvinner	% K	Menn	% M	Total
3.4.1	3	38 %	5	63 %	8
3.4.2	22	46 %	26	54 %	48
3.4.3	149	59 %	105	41 %	254
4.1	480	66 %	244	34 %	724
4.2	1 619	60 %	1 070	40 %	2 689
5	353	61 %	225	39 %	578
Totalsum	2 626	61 %	1 675	39 %	4 301

Nytt i år er at me har tatt i bruk kapittel 3.4.3 for seksjonssjefs-/avdelingsleiarnivå.

Kjønnsfordelinga i organisasjonen har ikkje endra seg vesentleg frå tidlegare år. Det er omtrent 60/40 fordeling mellom kvinner og menn.

Oversikt over tilsette i Tannhelse Rogaland FKF fordelt på kvinner og menn

Kvinner	% K	Menn	% M	Totalt
382	89 %	47	11 %	429

Den store overvekta av kvinner gjeld både for tannlegar og administrativt tilsette. Talet for tannlegar speiler i stor grad søkinga til odontologistudiet, der det per i dag er nærare 80 prosent kvinner som blir tatt opp som tannlegestudentar.

Når det gjeld yrkesgruppa tannpleiarar og tannhel-sesekretærer, er det hovudsakleg kvinner som søker og blir utdanna til desse yrka.



Leiarstillingar fordelt på kvinner og menn i Rogaland fylkeskommune

Stilling	Kvinner	% K	Menn	% M	Total
Fylkesdirektør	1	100 %	0	0 %	1
Ass. fylkesdirektør	0	0 %	1	100 %	1
Fylkesadvokat	1	100 %	0	0 %	1
Leiar (adm)	5	100 %	0	0 %	5
Direktør	1	20 %	4	80 %	5
Avdelingssjef	10	53 %	9	47 %	19
Seksjonssjef	25	52 %	23	48 %	48
Ass. opplæringsdirektør	1	100 %	0	0 %	1
Avdelingsleiar	112	58 %	80	42 %	192
Rektor	10	37 %	17	63 %	27
Administrasjonsleiar	11	85 %	2	15 %	13
Totalt	177	57 %	136	43%	313

Leiarstillingar fordelt på kvinner og menn i Tannhelse Rogaland

Stilling	Kvinner	% K	Menn	% M	Total
Fylkestannhelsesjef	0	0 %	1	100 %	1
Andre leiarar	6	75 %	2	25 %	8
Totalt	6	67 %	3	33 %	9

Kjønnsdelt oversikt over tilsette med arbeidstid lågare enn 100 prosent i Rogaland fylkeskommune

Kapittel	Kvinner	% K	Menn	% M	Total	% T
3	3	75 %	1	25 %	4	1 %
4.1	190	83 %	39	17 %	229	32 %
4.2	382	75 %	129	25 %	511	19 %
5	45	88 %	6	12 %	51	9 %
Totalsum	620	78 %	175	22 %	795	18 %

MERK: Grunna måten merkantile på skulane har blitt registrert i Unit4 kan dette vera misvisande i statistikken. Dei skal formelt ha 100 prosent stilling med 89 prosent lønn (i full stilling). Dette skal sjåast på som ei fulltidsstilling, men måten dette vart registrert på i Unit4 gjer at stillingane framstår som deltidsstillingar i rapporteringa. Denne feilkjelda er ikkje aktuell i nytt ERP system, så tala for dette vil vera meir korrekte i neste års statistikk.



Tala for bruk av deltidstillingar er ikkje vesentleg annleis frå tidlegare år, frå 74 prosent/26 prosent til 78 prosent/22 prosent. Det er ei svak auke av kvinner i deltidstillingar kontra menn. Bruken av deltidstillingar totalt er omtrent 18 prosent, som er ein svak nedgang frå 17 prosent i 2024.

Av totalt 4301 tilsette (mot 4293 i 2024), hadde 795 tilsette (mot 726 i 2024), redusert arbeidstid i 2025. Tilsette med redusert arbeidstid i 2025 utgjør totalt 18 prosent mot omtrent 17 prosent i 2024. Inkludert i tala er vikarar og eventuelt midlertidig tilsette i delstillingar. Tala viser både ønska og uønska deltid. Uønska deltid gjeld hovudsakleg fagområda reinhald og miljøarbeid, ettersom desse yrkesgruppene følgjer skuleåret. I kapittel 4.2 finn me hovudsakleg pedagogar som underviser i eit enkelt fag eller i eit instrument på skular med utdanningsprogram for musikk, dans og drama.

Rogaland fylkeskommune arbeider kontinuerleg for å utvikle ein heiltidskultur. Det er rutinar for å følgje opp føresegner i arbeidsmiljøloven, hovudtariffavtalen og vedtak i administrasjonsutvalet. Det har vore særleg fokus på å redusere uønska deltid i

stillingar som følger skuleåret, og det har vist seg fleire tilfelle der skulane har lykkast med dette. For skulane er dette problemstillingar som er nært knytt opp mot budsjett. Det blir kvart år gjennomført to møte med dei tillitsvalte sine organisasjonar kor dette er tema, og det blir årleg skriva ei statusoppdatering til administrasjonsutvalet.

Midlertidig tilsette

To gonger årleg blir bruken av midlertidig tilsette i Rogaland fylkeskommune kartlagt. Prinsippa for bruk av midlertidigheit blir drøfta med dei tillitsvalte. Det vert lagt fram ei årleg sak til administrasjonsutvalet.

Midlertidige	2025
Midlertidige	217
Deltid	524
Prosjektstillingar	16
Vikariat	176
Innleige	9
Sum	942





Kjønnsdelt aldersfordeling for tilsette over 55 år i 2025

Aldersspenn	K - 2025	K - 2024	% K - 2025	M - 2025	M - 2024	% K -2025	Sum - 2025	Sum - 2024	% T- 2025
55-59	387	410	23 %	238	244	14 %	625	654	15 %
60-61	117	117	8 %	100	95	6 %	217	212	5 %
62-64	101	131	8 %	100	118	6 %	201	249	5 %
65 +	51	78	4 %	55	77	3 %	106	155	2 %
Totalsum	656	736	43 %	493	534	29 %	1149	1270	27 %

Tala viser at det i 2025 er ein nedgang i talet på tilsette som er eldre enn 55 år. Den største nedgangen er i gruppa tilsette mellom 62 og 64 år. Prosentandelen over 55 år har ei lita nedgang

samanlikna med føregåande år, med 27 prosent i 2025 mot 31 prosent i 2024, 29 prosent, 27,7 prosent og 28,3 prosent i høvesvis 2024, 2023, 2022 og 2021.

Kjønnsfordeling og snittlønn i ny organisasjon

Tenesteområde	Kvinner			Menn			Total	
	Antal	Snittlønn	%	Antal	Snittlønn	%	Antal	Snittlønn
Fylkesdirektøren	11	1 022 073	61 %	7	970 957	39 %	18	1 002 194
Samfunn	66	798 636	54 %	57	850 458	46 %	123	822 651
Organisasjon	70	748 427	68 %	33	795 755	32 %	103	763 590
Opplæring	124	790 910	76 %	40	878 740	24 %	164	812 332
Samferdsel	101	789 681	42 %	142	785 996	58 %	243	787 528
Økonomi og eigedom	48	727 599	36 %	87	674 682	64 %	135	693 497
VGS	2205	709 063	63 %	1309	726 996	37 %	3514	715 743
Totalsum	2625	798 056	61 %	1675	811 940	39 %	4300	799 648

Sjukefråværsutvikling

	2023	2024	2025
Fylkesadministrasjonen	6,1 %	6,2 %	6,5 %
Vidaregående skular	5,4 %	5,2 %	4,8 %
Totalt fråvær i %	5,4 %	5,4 %	5,1 %



Totalt sjukefråvær per kvartal i perioden 2023 – 2025

	2023	2024	2025
1. kvartal	6,2 %	5,8 %	5,8 %
2. kvartal	5,0 %	5,2 %	4,4 %
3. kvartal	4,5 %	5,1 %	4,1 %
4. kvartal	5,7 %	5,3 %	5,2 %
Totalt fråvær i %	5,4 %	5,4 %	5,1 %

Måltalet (ikkje inkludert Tannhelse Rogaland FKF) for Rogaland fylkeskommune er at sjukefråværet ikkje skal overstiga 5,1 prosent per år. I 2025 oppnådde Rogaland fylkeskommune måltalet på 5,1 prosent. Korttidsfråværet er på 1,7 prosent. Dette inkluderer både eigenmeldingar og sjuke-meldinger 1-16 dagar.

I dei vidaregåande skulane er fråværet 4,8 prosent og i fylkesadministrasjonen 6,5 prosent. Når ein samanliknar med dei to føregåande åra ser me at fråværet totalt går ned og at det er i skulane fråværet har gått ned. Seksjonar/avdelingar og skular med høgt fravær får støtte frå HR i å finne gode tiltak og jobbe jamt og trutt med å redusera fråværet. I 2025 har og alle med personalansvar fått tilgang til eigne månadlege sjukefråværstal. Dette kan føre til raskare og betre oppfølging av sjukemeldte.

Alt i alt har sjukefråværet i Rogaland fylkeskommune hatt ei positiv utvikling i 2025.

Del i foreldrepermisjon

I 2025 utgjorde foreldrepermisjon totalt 71 årsverk, basert på 16 351 dagsverk. Dette utgjør 1,77 prosent (71 av totalt 4023 årsverk), mot 1,67 prosent i 2024 (66,8 av totalt 4001,2 årsverk). Av desse utgjør kvinner 51 årsverk og menn 20 årsverk, som tilsvarar høvesvis 72,1 prosent og 27,9 prosent av samla foreldrepermisjon.

IA-handlingsplan

Våren 2025 vart det inngått ny nasjonal IA-avtale (inkluderende arbeidsliv) mellom partane i arbeidslivet. Hovudfokuset i avtalen er å redusere sjukefråvær og hindre fråfall frå arbeidslivet.

IA-mål og handlingsplan for fylkeskommunen støttar opp under desse føringane og vart vedtekne i administrasjonsutvalet i oktober 2025. Arbeidet med oppfølging av handlingsplanen er sett i verk.

For å styrkje den systematiske oppfølginga av sjukefråvær er det etablert nye sjukefråværsrapportar, som vart lanserte i juni. Rapportane gir leiarar vesentleg betre oversikt og grunnlag for oppfølging av sjukefråvær på individnivå, samt eit betre analysegrunnlag for å identifisere arbeidsmiljøfaktorar innan eige ansvarsområde.

Det er gjennomført opplæring i førebygging og oppfølging av sjukefråvær. I tillegg blir det gitt rådgeving, oppfølging og støtte i enkeltsaker og overfor grupper av tilsette ved behov og etter førespurnad.



Rekneskap 2025

Folkevalgte styrer, utvalg og råd	Fylkesdirektør	Organisasjon	Økonomi og eigedom	Sum netto driftsutgifter
59,5	16,1	235,0	387,3	697,9

	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Avvik
Løn	265,9	268,4	2,5
Andre driftsutgifter	580,5	518,5	-62,0
Sum utgifter	846,4	786,9	-59,5
Sum inntekter	-148,5	-84,8	63,7
Netto driftsresultat	697,9	702,1	4,2


Investeringar 2025

Fylkeshuset	454,0
Skulebygg	544,8
IKT	17,4
Utlån, aksjer og andelar	12,6
Avsetning til fond	26,1
Diverse	9,8
Sum investeringar	1 064,8

Tal i millionar kroner



HMS, kvalitet og samfunnstryggleik





HMS og arbeidsmiljø

Dei prioriterte områda for HMS-arbeidet i perioden 2025 har vore:

- byggje, bevare og vidareutvikle gode arbeidsmiljø
- HMS-systematikk
- implementering nytt kvalitetssystem
- helseundersøkingar

Det vart sett i gang fleire tiltak på overordna nivå for å styrka og vidareutvikla arbeidet på mellom anna desse områda:

- Arbeidet med å utvikle gode arbeidsmiljø er bygd inn i opplæringa for leiarar, tillitsvalde og verneombud, og har prega rådgjeving, støtte og rettleiing både i oppfølging av konkrete arbeidsmiljø saker og knytt til systematisk HMS-arbeid.
- HMS-internkontrollen er styrka gjennom oppdatering av ei rekke sentrale styrande dokument.
- Ny og forbetra metodikk for vernerunder med bruk av digitale sjekklister er tatt i bruk for fylkesadministrasjonen og gjort tilgjengeleg som verktøy for heile organisasjonen.
- Jobba med utvikling av PowerBi rapportar over avvik registrert i kvalitetssystemet, slik at me kan nytta avviksverktøyet fullt ut i det systematiske HMS-arbeidet på alle nivå i fylkeskommunen.

- Eigen fagdag for Akan-kontaktar og leiarar er gjennomført i samarbeid med NAV, med følgjande tema: Bli tryggare i den nødvendige samtalen, samheng mellom alkohol, mi helse og folkehelse, kva leiarar bør vera merksame på når det gjeld arbeidsrelatert bruk av alkohol.
- Kurs om korleis handtera emosjonelle belastningar i jobben er gjennomført i samarbeid med NAV arbeidslivssenter. Målgruppa var leiarar og rådgjevarar i tenesteområdet opplæring, inkludert oppfølgingstenesta.
- HMS-grupper er etablert i alle tenesteområde og stabs- /støtteområde i fylkesadministrasjonen. HMS-gruppene er lågterskel diskusjonsgrupper som skal styrke forankring, samarbeid og medverknad i HMS-arbeidet lokalt.
- Ei partssamansatt arbeidsgruppe såg nærare på organiseringa av arbeidsmiljøutval i fylkesadministrasjonen. Eksisterande AMU-struktur vart vidareført, med ei utviding av AMU for fylkesadministrasjonen slik at arbeidsgjevar er representert frå alle tenesteområde og stabs- /støtteområde.
- HMS-kursa for verneombod, arbeidsmiljøutval og leiarar er vidareutvikla og blir no gjennomført med større grad av interne ressursar.
- Lovfesta grunnopplæring i arbeidsmiljø for verneombod og medlemmar av arbeidsmiljøutvalet, og lovfesta opplæring i HMS for leiarar, er gjennomført.





Avvik og uønskete hendingar

Meldingar om avvik og uønskete hendingar innanfor HMS, personvern og informasjonssikkerheit blir registrert elektronisk i fylkeskommunen sitt kvalitetssystem.

Registrering og handtering av meldingar er ein del av det førebyggjande HMS-arbeidet, og skal bidra til kontinuerleg læring og forbetring. Målet er å ligga i forkant og fanga opp signal undervegs, slik at tiltak kan bli iverksett før det skjer ein større svikt eller ulykke.

I løpet av 2025 vart det meldt til saman 1329 avvik og uønskete hendingar innanfor området HMS, personvern og informasjonssikkerheit. Dette er ein reduksjon på i underkant av 7 prosent samanlikna med året før.

Nytt kvalitetssystem med nytt avviksverktøy vart teke i bruk frå 1. januar 2025, og ein har dette året jobba med implementering av den nye løysinga.

Samfunnstryggleik og beredskap

I 2025 vart den første versjonen av heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Rogaland fylkeskommune (HROS2026) utvikla. Analysen søkjer å gi eit tydelegare bilete av hendingar som kan trua tenesteleveransen vår, og kva tiltak som kan redusera risiko. Ein sentral del av arbeidet har vore kartlegging av kritisk infrastruktur, samfunnsfunksjonar og tenester. HROS2026 skal fungera som eit strategisk verktøy for leiinga og fagmiljøa og bidra til auka medvit internt og eksternt om utfordringar og fylkeskommunen si rolle.

Det har i 2025 dessutan vore utført utviklingsarbeid knytt til beredskapsplanverk, til dømes overordna beredskapsplan, plan for sivil transportberedskap og atomberedskap. Fylkeskommunen deltek aktivt i Totalforsvar Rogaland si arbeidsgruppe. Døme er planlegging av sivile vernetiltak og plan for mottak av internt fordrivne.

Fylkeskommunen starta hausten 2025 også implementeringa av Rayvn som er eit digitalt krise- og beredskapsverktøy for krisehandtering.



Informasjonstryggleik

I 2025 har fylkeskommunen hatt eit tydeleg strategisk fokus på informasjonstryggleik og personvern som sentrale føresetnader for stabile og trygge tenester. Arbeidet har særleg handla om å styrkja etterleving og kvalitet i behandlingsprotokollar, databehandlaravtaler og registrering av avvik, og dessutan å støtta tenesteområda i å avklara roller og ansvar knytt til sikker handtering av informasjon.

Tenestekatalogen er vidareutvikla som eit viktig verktøy for å sikra at nye digitale løysingar oppfyller nødvendige krav før dei blir teke i bruk. Styrka kompetanse innan digital risikoforståing, sikker informasjonsbehandling og førebygging av kvardagslege tryggleikshendingar har auka organisasjonen si robustheit – særleg på område kor den menneskelege faktoren er avgjerande.

Internkontroll og kvalitet

Fylkeskommunen tok i januar 2025 samla i bruk eit nytt kvalitetssystem til støtte for internkontroll og kvalitetsarbeid. Gjennom året har det vorte arbeidd aktivt med å ta i bruk dei ulike modulane i løysinga, som eit ledd i vidareutviklinga av fylkeskommunen sitt system for internkontroll.

Det er laga eit overordna årshjul for internkontrollarbeidet som sikrar struktur og gjennomføring. For første gong er det til dømes gjennomført overordna risikovurderingar for alle direktørområda, slik at ein kan få ei samla oversikt over risikobiletet til fylkeskommunen. Basert på funn i den årlege eigenevalueringa av internkontrollen, vart det utarbeidd felles tiltak i form av årshjul i kvalitetssystemet for alle direktørområda. Årshjula blir brukte aktivt til å følgja opp at tiltaka faktisk blir gjennomførte. Eit av tiltaka gjaldt gjennomgang og diskusjon av etiske retningslinjer i alle einingar for å sikra framleis høg etisk standard.

Det er viktig å halda fram med opplæring i det nye kvalitetssystemet også i 2026.

Sikkerheit helse og arbeidsmiljø

I byggjeprojekt er arbeidet med SHA (sikkerheit, helse og arbeidsmiljø) regulert i byggherreforskrifta. Rogaland fylkeskommune er byggherre i fleire prosjekt innanfor områda samferdsel, bygg og eigedom og samfunn. Det er viktig å vera ein god og tydeleg byggherre, og verka einskapleg overfor våre entreprenørar.

Fylket har i 2025 auka innsatsen for at entreprenørar skal bli møtt likt i arbeidet med sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på alle prosjekt på tvers av tenesteområda.



Omboda

Personvernombodet

Ombodet skal vera kontaktpunkt for dei registrerte (tilsette, innbyggjarar og brukarar av tenestene frå fylkeskommunen) og for tilsynsmaktene (Datatilsynet).

Personvernombodet skal sjå til og bidra til at organisasjonen etterlever lovkrav på personvern-området. I samband med dette er det viktig å ønskja at personvern blir oppfatta som ei positiv kraft som bidreg til å skapa tillit og effektivitet og ikkje primært som eit byråkratisk hinder for effektiv produksjon.

I 2025 har Personvernombodet, som ein del av dei systematiske arbeida til organisasjonen knytte til etterleving av GDPR, hatt eit hovudfokus på behandlingsprotokollar. Samanfatta er inntrykket at det er varierende kvalitet og gjennomgåande manglar ved behandlingsgrunnlag, noko som gjer det naturleg å føra vidare dette arbeidet også inn i 2026.

Talet på melde personvernrelaterte avvik sokk til 94, men ombodet meiner det er grunn til å rekna med at innføring av nytt kvalitetssystem kan ha medverka til denne nedgangen.

Samarbeidet med leiinga i dei ulike teneste- og verksemdområda blir beskrivne som godt, men personvernkoordinatorane melder om tidsmangel og behov for auka kompetanse for å fylla rolla si.

Personvernombodet peikar på behovet for betre risikoanalysar (ROS), spesielt med tanke på dei kommande krava i digitalsikkerhetsloven og KI-forordningen. I samband med dette tilrår ombodet på det sterkaste obligatorisk opplæring i personvern og informasjonstryggleik då både lokale og nasjonale data understrekar at tilsette utgjer ein vesentleg tryggingsrisiko,

Fylkeshovudverneombodet

Rolla som fylkeshovudverneombod (FHVO) inneber å sikra at Rogaland fylkeskommune følgjer lover

og forskrifter innan arbeidsmiljø og HMS. *FHVO samordnar og støttar hovudverneomboda, og arbeider for eit heilskapleg og systematisk HMS arbeid i heile organisasjonen.

I 2025 vart ei rekkje saker løfta til hovudarbeidsmiljøutvalet (HAMU), særleg knytt til HMS opplæring, arbeidsrelatert sjukdom, beredskap i skulane, konflikthandtering og oppfølging av arbeidsrelatert sjukefråvær. Det er brukt mye tid på implementering av kvalitetssystemet Net Power, særleg knytt til avvikshandtering og risikovurderingar. *FHVO har delteke i ei lang rekkje møter, arbeidsgrupper, kurs og samarbeidsforum – både knytt til HMS, kvalitetssystem, arbeidsmiljø, etiske retningslinjer og personvern.

*FHVO gjennomførte fire samlingar for hovudverneombod, med tema som arbeidsmiljø, risikomodular, personvern og skuleberedskap. *FHVO har også vore involvert i varslings saker, skulebesøk, ROS analysar og samarbeid med fagforeiningar.

Mobbeombod for barnehage og grunnskule i Rogaland

Mobbeombodet i Rogaland vart etablert hausten 2020 som del av ei nasjonal satsing mot mobbing. Mandatet byggjer på FN's barnekonvensjon og barns rett til eit trygt og godt psykososialt miljø i barnehage og skule. Denne retten er grunnleggjande for læring, meistring, tilhøyrse og god samfunnsdeltaking i vaksenlivet. Forsking viser at mobbing ofte startar tidleg i barnehage og skule, og kan påverka vidare skuleløp og deltaking i arbeidslivet. Ombodet har også fokus på overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring.

Ombodet er eit lågterskeltilbod, og gir rettleiing og hjelp til barn, unge, føresette og tilsette i heile Rogaland. Førespurnadene omfattar mellom anna mobbing, utanforskap, diskriminering, rasisme, vald, truslar og seksuelle krenkingar. Fleire av



sakene er prega av høgt konfliktnivå mellom skule og heim. I 2025 fekk ombodet unike førespurnader frå 11 kommunar og 2 privatskular. Mandatet inneber også informasjon og kompetanseheving, og ombodet utførte oppdrag i 11 kommunar. Erfaringsdeling og systemarbeid både regionalt og nasjonalt, er andre oppgåver for ombodet. Sidan hausten 2024 har ombodet også vore del av svartenesta ung.no.

Elev- og lærlingeombodet

Hovudoppgåva til elev- og lærlingombodet er å vareta og informera elevar, lærlingar og lære kandidatlar om deira rettar og ansvar etter opplæringslova og arbeidsmiljølova.

Andre viktige arbeidsoppgåver er å:

- vera synleg for elevar og lærlingar
- motivera elevane og lærlingane til å påverka kvaliteten på si eiga opplæring
- informera elevar og lærlingar om det ansvaret dei har for opplæringa si og læringsmiljøet sitt
- informera og rettleia korleis dei skal gå fram for å ta opp utfordringar i skulekvardagen sin eller i lærebedrifta.

Ombodet skal jobba for å sikra at elevar og lærlingar får den oppfølginga dei har rett og krav på. Ombodet skal vera i dialog med skulane, bedriftene og opplæringsavdelinga ved sviikt i rutinar eller der rutinar ikkje fungerer etter intensjonen. Ombodet skal vera uavhengig og stå fritt til å kunna påpeika eventuelle utfordringar og forbettringspotensial i opplæringa til elevar og lærlingar. Dette er også grunnen til at ombodet rapporterer til fylkestinget.

Stillinga som elev- og lærlingombod har i 2025 blitt ivaretatt med 50 prosent stilling.

I tillegg til enkeltsaker har ombodet saman med mobbeombodet også jobba førebyggjande ute på skulane, hovudsakeleg retta mot elevrådene og vg2 klasser som skal ut i lære.

Førespurnader i 2025

Elevar: 19 stykk om fråvær, karakterar, manglande tilpassing og medverknad.

Lærlingar: 32 stykk om heving av lærekontrakt, manglande tilpassing, arbeidsmiljø, fråvær og manglande opplæring eller oppfølging.





Folkevalde organ





Namnet på regional-, kultur- og næringsutvalet vart endra til kultur- og næringsutvalet i fylkestinget 29. april, sak 26.

I juni 2025 vedtok fylkestinget å oppretta utval for fleirkulturell medverknad.

Etter ein søknadsprosess i oktober og november, vart det nye utvalet valt av fylkestinget i desember 2025. Utvalet består av tre medlemmer utnemnde blant dei folkevalde, og seks medlemmer med fleirkulturell bakgrunn. Utvalet trer i funksjon frå januar 2026.

Endringar fylkestinget:

Ut i 2025:

Julia Eikeland (AP)
Charlotte Sørås (AP)
Solveig Vik (AP)
Reid Ivar Bjorland Dahl (KrF)
Silje Sønstabø (INP)

Inn:

Marianne Helvik (AP)
Geir Morten Øvestad (AP)
Laine Elin Wold (AP)
Tom Landås (KrF)
Elisabeth Stene (INP)



Fylkestinget i perioden 2023–2027



Ole Ueland
Fylkesordfører (H)



Svein Erik Indbjo
Fylkesvaraordfører (FrP)



Ole Ueland, Inger Merethe Bjerkreim, Erlend Jordal, Lasse Anfinnsen Fredheim, Gunn Dalen Håland, Mille-Sofie Kvannli, Kenneth Austrått, Else Rege Grannes, Bjørn Sæstad, Anne Marie Lund, Cille Ihle, Kristoffer Amdal, Julie Vold, Håvard Rørtveit og tre vararepresentantar



Frode Berge, Bente Gravdal, Asle Rafdal, Emilie Bersaas, Julia Eikeland, Morten Larsen, Charlotte Sørås, Marek Bogucki, Solveig Vik, Frode Waldemar og tre vararepresentantar



Pål Morten Borgli, Svein Erik Indbjo, Hayley Anita Henriksen, Kristin Lode, May Helen Hetland Ervik, Leif Arne Moi Nilsen, Kristoffer Birkedal og to vararepresentantar



Anne Kristin Bruns, Reid Ivar Bjorland Dahl, Vebjørn Mathiesen Solli, Oddny Helen Turøy og to vararepresentantar



Hanne Marte Vatnaland, Jarle Bø, Bente Gro Milwertz Slettebø og to vararepresentantar



Jan Inge Selvik, Silje Sønstabø, Sigurd Sjursen og to vararepresentantar



Monika Kvilhaugsvik, Kari Vestbø og to vararepresentantar



Kjartan Alexander Lunde, Unni Synnøve Fuglestad og en vararepresentant



Rune Askeland og to vararepresentantar



Naomi Wessel



Møte og aktivitetar i fylkesting, fylkesutval, hovudutval og rådgivande råd/utval


Fullstendig oversikt over alle utval, råd og nemnder, sjå rogfk.no

Utval	Medl.	Leiaren av utvalet	Møte			Saker				Utgifter i heile 1000			Vedtatt budsjett 2026
			2023	2024	2025	2022	2023	2024	2025	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	
Fylkestinget	47	Ole Ueland (H)	8	10	8	163	146	154	142	7 234 000	8 287 000	7 760 000	8 287 000
Fylkesutvalet	15	Ole Ueland (H)	10	13	11	254	256	217	223	5 392 000	5 675 000	5 905 000	5 675 000
Kultur- og næringsutvalet	15	Unni Fuglestad (V)	6	6	6	95	87	100	92	1 353 000	1 614 000	1 694 000	1 614 000
Samferdselsutvalet	15	Lasse Fredheim (H)	6	6	6	62	53	55	53	1 702 000	1 524 000	1 684 000	1 524 000
Opplæringsutvalet	15	Anne Kristin Bruns (KrF)	6	6	6	69	52	62	60	1 535 000	1 553 000	1 682 000	1 553 000
Administrasjonsutvalet	7	Pål Morten Borgli / Hayley Henriksen (FrP)	6	4	6	26	19	14	20	364 000	362 000	407 000	362 000
Kontrollutvalet	5	Morten Larsen (AP)	6	6	7	59	69	58	66	421 000	701 000	684 000	701 000
Ungdommens fylkesråd	9	Sumeja Ohran / Sunniva Lunde Randeberg	7	7	7	108	86	95	89	639 000	469 000	505 000	469 000
Andre utval													
Eldrerådet	7	Bjørn Eirik Marcusson (Pensjonistforbundet)	6	6	6	58	54	64	63	217 000	230 000	295 000	230 000
Fylkesrådet for personer med funksjonsnedsettelse	9	Hanne Marte Vatnaland (SP)	6	6	6	115	96	99	91	529 000	600 000	611 000	600 000
Fylkestrafikk-sikkerhetsutvalet	5	May Helen Hetland Ervik / Leif Arne Moi Nilsen (FrP)	5	5	4	26	15	18	24	249 000	267 000	338 000	267 000
Inntaksnemnda	5	Anne Kristin Bruns (KrF)	4	2	2	9	8	4	4	26 000	57 000	46 000	57 000
Klagenemnda	5	Kjartan Alexander Lunde (V)	6	6	6	50	43	68	78	266 000	325 000	455 000	325 000
Yrkesopplæringsnemnda	7	Ole Ueland (H)	7	6	5	66	43	58	40	547 000	319 000	244 000	319 000

Tal i heile kroner



Politisk organisering





Økonomisk resultat





Økonomisk resultat

Med heimel i kommunelova er det utarbeid eit konsolidert rekneskap, som viser fylkeskommunen som ein økonomisk eining. For Rogaland fylkeskommune inneberer dette eit felles rekneskap for «fylkeskassa» og Tannhelse Rogaland FKF, der transaksjonar og mellomvære mellom desse einingane er eliminert.

Årsmeldinga inkluderer ikkje tal for fylkeskommunens kommunale føretak, Tannhelse Rogaland FKF. Dette føretaket er ein del av Rogaland fylkeskommune som juridisk eining, men har eige styre og avlegg eige rekneskap og årsmelding. Det vises til note i rekneskapen som viser mellomvære til eigne kommunale føretak.

Dei som ønskjer meir informasjon om rekneskapsåret 2025, vil finna det i årsrekneskapen, som inneheld drifts-, investerings- og balanserekneskap og notar.

Positivt rekneskapsresultat i 2025 – (budsjettoverskot)

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit overskot på 84,3 mill. kroner etter avsetningar og overføring av eigenkapital til investeringsrekneskapen og før administrative transaksjonar.

I samsvar med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar er mindreforbruket avsett på disposisjonsfond. Resultatet betyr at fylkeskommunen bruker mindre av disposisjonsfondet enn i regulert budsjett.

Over tid har pris- og kostnadsveksten vore vesentleg høgare enn veksten i frie inntekter. Kostnadsutviklinga er spesielt urovekkande innan samferdsel. Pensjonskostnadene stig ikkje meir enn det som er kompensert i 2025 knytt blant anna til innføringa av Livsvarig AFP, men fylkeskommunane må for femte året på rad konstatere at meirutgifter til demografi er undervurderte i makroopplegget.

God styring og kontroll i driftsområda

Innan opplæring hadde skulane med seg eit mindreforbruk på 1,6 mill. kroner frå 2024. Gjennom stram styring har skulane opparbeida eit positivt budsjettresultat på 29,5 mill. kroner i 2025 når ein korrigerer for +/-3 %-regelen.

Resultatet vitnar om ein organisasjon som leverer godt og har budsjett disiplin. Viss me styrer økonomien fornuftig, skaper me økonomisk og politisk handlingsrom. Einingane har krevjande sparetiltak å forhalda seg til, og har vore medvitne om og opptekne av eigen økonomi, prioriteringar og moglegheiter. Heile organisasjonen har lagt vekt på stram økonomistyring og at dei tildelte budsjetta skal haldast.



Tabellen nedanfor viser netto resultat (positivt tal=overskot / negativt tal=underskot) per driftsområde, når rekneskapen blir samanlikna med revidert budsjett.

Driftsområde	Netto resultat	Avvik i % for rammeområda
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	-27,6	
Andre generelle statstilskot (havbruk)	0,0	
Konsesjonskraft	11,3	
Finanspostar (renter og avdrag)	55,5	
Reservert til tilleggsløyver	-3,8	
Pensjonspostar	27,9	
Andre fellesinntekter og -utgifter (inkl. framført overskot for skulane)	-24,1 (-29,5)	
Politisk styring	3,5	5,6 %
Fylkesdirektør	-1,5	-9,9 %
Organisasjon	-7,4	-3,2 %
Økonomi og eigedom	8,3	2,1 %
Samfunn	2,0	0,5 %
Samferdsel, fylkesveggar	-8,0	-0,8 %
Samferdsel, andre føremål	19,0	1,3 %
Opplæring	29,3	0,8 %
· Bruk av midlar frå 2024	(-1,6)	
· Avsetning av midlar til 2025	(29,5)	
Overføring fylkeskommunale føretak	0,0	0,0 %
TOTALT	84,3	

Tal i millionar kroner

Kommentarar til avvika i 2025:

Budsjettet blir vedtatt på eit detaljeringsnivå som viser nettobudsjett for kvart rammeområde. Tabellen viser netto budsjettavvik per rammeområde. Innanfor dei ulike områda kan det vera budsjettavvik på utgifts- og inntektssida som blir nøytralisert i netto driftsramme.

Frie inntekter (skatt og rammetilskot) viser eit budsjettunderskot på 27,6 mill. kroner. Dei sentrale inntekts- og utgiftsføresetnadene vart noko svekka samanlikna med føresettingane i revidert budsjett desember. Skatteinngangen vart 29,1 mill. kroner lågare enn føresett, medan rammetilskotet vart 1,5 mill. kroner høgare.

Anslaga på skatteinngangen til kommunesektoren vart først justert ned i revidert nasjonalbudsjett (RNB) i mai, deretter auka når statsbudsjettet for 2026 vart lagt fram i oktober. For fylkeskommunane var opphavelag skatteanslag på 45,76 mrd. kroner. Det vart redusert til 45,355 mrd. kroner i RNB, og deretter justert opp til 45,7 mrd. kroner i statsbudsjettet. KS sin vurdering i oktober var at skatteinntektene låg an til å bli noko høgare enn skatteanslaget i statsbudsjettet, og la til grunn ein ytterlegare oppjustering på 0,5 mrd. kroner til 46,2 mrd. kroner. Dette anslaget vart også lagt til grunn i sak om revidert budsjett desember, der vekstanslaget for Rogaland fylkeskommune vart oppjustert til 11,0 prosent.



Faktisk skatteinntang for kommunesektoren samla vart om lag 0,8 prosent høgare enn anslaget frå statsbudsjettet i oktober. Det er ein moderat vekst med tanke på usikkerheita som er knytt til skatteanslaga. Meirskatteveksten frå RNB er også langt lågare enn i dei fleste åra frå 2015 til 2023.

Fylkeskommunanes samla skatteinntekter var på 45,9 mrd. kroner, som er 0,2 mrd. kroner betre enn anslaget i statsbudsjettet, men 0,3 mrd. kroner lågare enn anslaget til KS. Det gir ein skattevekst på 10,1 prosent frå 2024 til 2025. Tilsvarende vekst i Rogaland var 10,3 prosent, noko lågare enn føresettingane lagt til grunn i revidert budsjett desember (11,0 prosent). Med høg skatteutjamning (87,5 prosent) er det fyrst og fremst skatteinntgangen i landet som betyr noko for nivået av frie inntekter i Rogaland fylkeskommune.

Rogaland har gått frå å vera eit 119-prosentfylke i brutto skatteinntang per innbyggjar i 2014 til eit 109-prosentfylke i 2025.

I prinsippet skal ikkje meirskatteinntekter i siste del av året – etter revidert nasjonalbudsjett i juni – ha noko å seia for det økonomiske opplegget i komande økonomiplanperiode, men dette føreset sjølvstøtt at skatteveksten ikkje kjem av varige

faktorar som tidlegare har vore oversett av finansdepartementet i grunnlaget for fastsetjinga av frie inntekter i 2026.

I posten **andre generelle statstilskot** inngår innbetaling frå havbruksfondet. Det var opphaveleg budsjetttert med 35 mill. kroner, men talet vart justert ned i revidert budsjett til 15,0 mill. kroner i tråd med mottatt innbetaling. Budsjettposten er dermed i balanse.

Nettoinntekter frå **konsesjonskraft** var i overkant av 156,1 mill. kroner i 2025, og om lag 10,6 mill. kroner høgare enn budsjetttert. Gjennomsnittsprisen for året i prisområde NO2 var rundt 65 euro per MWh, og var spesielt høgare enn budsjetttert mot slutten av året. Fylkeskommunen mottar inntekter frå sal av konsesjonskraft i euro. Volum av konsesjonskraft er nå vesentleg lågare enn tidlegare. Volum er redusert frå 406 GWh i 2017 til om lag 263 GWh i 2025. Årsaka til nedgangen i volum er at fylkeskommunen er sekundær retts-havar etter kommunane. Når det alminnelege elektrisitetsforbruket aukar i kommunane kan dei også ta ut meir av konsesjonskraftrettighetene deira. Vidare betaler fylkeskommunen meir for konsesjonskrafta enn tidlegare på grunn av høgare berekna sjølvkost for anlegg i Lysebotn.



Inntektsnivået i 2025 var høgare enn i 2024. Kraftprisane i prisområde NO2 er fortsett høgare enn det som med rimelegheit kan forventast i eit normalår.

Samla er det eit budsjettoverskot på 55,8 mill. kroner på **finanspostane**. Renteutgiftene vart 4,3 mill. kroner lågare enn budsjettert og rentekompensasjonen frå staten vart om lag 1,5 mill. kroner høgare enn forventa. Det er eit tap på 0,6 mill. kroner i samband med sal av konsesjonskraft i Euro. Det er ein netto gevinst i samband med plassering av overskotslikviditet på 49,6 mill. kroner. Frå Stavanger forum og Innovasjon Norge er det utbetalt i underkant av 0,3 mill. kroner i utbytte og eigaruttak, som også bidrar til det positive budsjettavviket. Det vart betalt 451,2 mill. kroner i avdrag på lån, som er identisk med budsjettert avdrag.

Posten **reservert til tilleggsøyver** hadde eit budsjettunderskot på 3,8 mill. kroner.

Det knyter seg i hovudsak til budsjettering av innsparingar i ein sentral budsjettpost. Av budsjettposten som var reservert til tilfeldige utgifter for fylkesutvalet er 1,2 mill. kroner ubrukt ved årets slutt.

Totalt sett viser **pensjonsutgiftene** eit positivt budsjettavvik på 27,9 mill. kroner inkludert netto avsetning til premieavviksfond. Premieavviket, med frådrag av inndecking av tidlegare års premieavvik, påverkar netto driftsresultat negativt med netto 26,3 mill. kroner i 2025. Det er brukt av premieavviksfondet i samsvar med vedtak i fylkestinget (FT-sak 23/13), slik at fondet per 31.12.25 er identisk med akkumulert premieavvik (421,9 mill. kroner).

Posten **andre fellesinntekter og -utgifter** viser eit budsjettunderskot på 24,1 mill. kroner, og inneheldt utgiftsføringa av det framførte overskotet på 29,5 mill. kroner for skulane. Ein tilbakeføring av ubrukte midlar frå tidlegare år på 7,1 mill. kroner inngår også i posten.





Politisk styring (folkevalde organ) har eit budsjettoverskot på 3,5 mill. kroner, der 1,8 mill. kroner gjelder mindreforbruk i dei ulike utvala. 1,4 mill. kroner gjeld kontroll og revisjon, kor i overkant av 1 mill. kroner er mindre bruk av revisortenester enn budsjettet. Eit par revisjonsrapportar har blitt utgiftsført på andre tenesteområde.

Totalt er det eit budsjettunderskot på 1,5 mill. kroner i budsjettposten **fylkesdirektør**. Her inngår fylkesadvokatkontoret i tillegg til fylkesdirektør med stab, inkludert ressursar som jobbar med O28-prosjektet.

Stabsområdet organisasjon har eit meirforbruk på 7,4 mill. kroner som i stor grad knyter seg til auka utgifter til IKT-programvare og -driftsavtaler. Det er samstundes nokon avdelingar som har mindreforbruk innanfor stabsområdet, medrekna eit mindreforbruk på diverse postar, inkl. 6,0 mill. kroner knytt til lærlingar.

Innanfor stabsområdet **økonomi og eigedom** er det eit samla budsjettoverskot på 8,3 mill. kroner. Deler av mindreforbruket har samanheng med periodar med vakanse. I avdeling eigedom var det eit meirforbruk på 2,4 mill. kroner som kjem av eit høgare elevtal, behov for å tilpassa leigde lokale, og dessutan å møblera desse som følgje av dette. Avdeling bygg, drift og vedlikehald hadde eit mindreforbruk på 7,3 mill. kroner. Dette kjem av at leigeutgifter var noko lågare enn budsjettet, i tillegg bidreg leigeinntekter til å løfte dette ytterleg – i sum totalt 11,6 mill. kroner. Samstundes drar energikostnadene mindreforbruket noko ned, med eit meirforbruk isolert sett på om lag 2,5 mill. kroner.

Samfunn har eit budsjettoverskot på 2,0 mill. kroner, tilsvarande eit budsjettavvik på 0,5 prosent. Dette er stort sett knytt til ledige stillingar.

Innanfor **samferdsel** er det eit samla budsjettoverskot på 11,0 mill. kroner, med eit

budsjettunderskot innanfor fylkesvegar på 8,0 mill. kroner, tilsvarande 0,8 prosent. Meirutgiftene innanfor fylkesvegar skyldast hovudsakleg høgare kostnader til vedlikehald av bruer og kaier. Det var og i 2025 eit lågare behov for tilrettelagt transport enn budsjettet, noko som ga eit mindreforbruk på om lag 3,9 mill. kroner.

Det var eit budsjettoverskot for resten av tenesteområdet på 19 mill. kroner som i hovudsak knyter seg til restmidlar på 8,5 mill. kroner frå reservepotten til utføresette hendingar, innbetaling av restmidlar frå Jernbaneforum Sør, vakante stillingar, mindre bruk av konsulenttenester og generelle innsparingar på andre driftspostar.

For **opplæring** samla er det eit mindreforbruk på 29,3 mill. kroner (0,8 prosent) i forhold til det reviderte budsjettet på totalt 3749 mill. kroner.

I **opplæringsavdelinga (administrasjonen)** er det samla sett eit overskot på 13,8 mill. kroner, noko som utgjorde 5,4 prosent i forhold til revidert budsjett. Opplæring sentralt gjekk samla 5,9 mill. kroner i overskot, medan avdeling opplæring i skule gjekk 3,7 mill. kroner i overskot. Avdeling opplæring i bedrift gjekk 0,7 mill. kroner i underskot, medan avdeling inntak og voksnes læring og avdeling PPT og oppfølgingstenestene gjekk høvesvis 2,5 mill. og 2,4 mill. kroner i overskot.

Fagopplæring hadde samla eit overforbruk på 15,7 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak ein auke i talet på lærlingar som aukar tilskotet til bedrifter og til fagprøvar. Det er 2,9 prosent avvik i forhold revidert budsjett.

Vaksenopplæringa inkludert fellespostar hadde samla eit meirforbruk på 3,3 mill. kroner. Dei **vidaregåande skulane inkludert vidaregåande opplæring sentralt, samt fylkesnettverk og fagnettverk** gjekk samla med 34,5 mill. kroner i overskot. Etter tilpassingar til økonomireglementet



tek einingane med seg eit budsjettoverskot på nesten 29,5 mill. kroner ved årsslutt. Til samanlikning tok einingane med seg eit overskot på 1,6 mill. kroner frå 2024 til 2025, og eit underskot frå 2023 til 2024 på 11,9 mill. kroner.

Fylkesdirektøren viser til eigen oversikt for detaljar knytt til kvar skule og eining.

Frå og med 2023 vart det innført ei ny ordning for akkumulerte overskot i dei vidaregåande skulane, inkludert fagnettverk, fagskule og vaksenopplæring. Det vart sett ei prosentgrense på 3 prosent når det gjeld kor stort overskot/underskot som kan takast med til påfølgande år. Overskot/underskot utover dette vil difor verka inn på rekneskapsmessig resultat.

Med prosentgrense på +/-3 prosent tek skulane med seg eit mindreforbruk på 28,6 mill. kroner til 2025, medan fagnettverk og vaksenopplæringa tek med seg mindreforbruk på høvesvis kr 60 000 på kr 852 000.

I rekneskapen blir berre tilskot/overføringar til **fylkeskommunalt føretak** bokførte. Alle andre føringar skjer i særreknescapen til føretaket. Overskot/underskot kjem fram der.

Fylkestinget vedtar tekstpunkt – også kalla verbalpunkt – i samband med den årlege behandlinga av økonomiplan og årsbudsjett. Tekstpunkta krev oppfølging frå fylkesdirektøren, ofte i eigne politiske saker. Det vises til FT-sakene 23/2025 og 90/2025, der fylkesdirektøren blant anna la fram oversikter som i korte trekk dokumenterte oppfølginga av vedtekne tekstpunkt og nokre merknader til taldelen i fylkestingets vedtak.

Finansielle måltal

Netto driftsresultat i 2025

Netto driftsresultat viser driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalte, og er eit uttrykk for kva fylkeskommunen sit igjen med til avsetningar og investeringar. Netto driftsresultat er den primære indikatoren for økonomisk handlefridom i kommunesektoren.

Rogaland fylkeskommune fekk eit netto driftsresultat på 575 millionar kroner i 2025, som er 5,0 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsresultat er betre enn opphaveleg og regulert budsjett. Dette har samband med høgare inntekter frå forvaltning av overskotslikviditet enn budsjettert. Nettoinntektene frå konsjunkskraft støttar også opp om eit tilfredsstillande resultat.

Netto avsetningar til bundne fond påverkar netto driftsresultat positivt med i alt 132 mill. kroner. Dette gjeld disponering av øyremerkte inntekter og er i stor grad påverka av utviklinga i udisponerte påskjønningssmidlar knytt til inngått byvekstavtale. Her inngår i praksis ei omgjerung frå bundne driftsfond til bundne investeringsfond (overføring til investeringar). Det dreier seg om netto 46,0 mill. kroner i påskjønningssmidlar mottatt tidlegare år til antekne driftsformål, men der bruken i 2025 er omdisponert til investeringsformål.

Etter korreksjon av netto avsetningar til bundne fond er netto driftsresultat 443,4 mill. kroner, eller 3,9 prosent av driftsinntektene. Fylkestinget har vedtatt eit retningsgivande måltal på 4 prosent av driftsinntektene. Det korrigerde driftsresultatet i 2025 er rett i underkant av det retningsgivande måltalet.



Fylkeskommunens netto finansutgifter er auka noko i 2025, men betydeleg mindre enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak avkastning på overskotslikviditet. Utfordringane blir noko større i åra som kjem. Finansutgiftene vil stiga som følgje av auken i gjeldsgrad dei nærmaste åra, og med

dette høgare avdrag som må dekkjast inn i driftsrekneskapen. Fylkestinget vedtok ved handsaminga av økonomiplan 2021–2024 å auka det årlege avdraget med eit tillegg på 2 prosentpoeng utover minimumsavdraget.





Netto driftsresultat 2025

	Rekneskap 2025	Opphavelg budsjett 2025	Regulert budsjett 2025	Rekneskap 2024
Netto driftsresultat	-575 446	-314 463	-286 055	-305 981
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	5,0 %	3,0 %	2,6 %	2,9 %
Bruk av bundne fond	-573 270	-49 200	-263 062	-160 743
Bruk av bundne fond - korrigering	45 957	-	-	-
Avsetning til bundne fond	659 363	-	144 027	178 872
- Årets premieavvik fratrukket inndekning av tidlegare års premieavvik (inntekt)			-26 349	
- Meirforbruk på skulane mv.			27 829	
- Andre forhold			39 660	
Korrigert netto driftsresultat	-443 397	-363 663	-363 950	-287 853
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter - korrigert	3,9 %	3,5 %	3,3 %	2,7 %


Tal i tusen kroner. Negativt fortegn betyr positivt resultat.

Netto driftsresultat er noko betre enn gjennomsnittet av fylkeskommunane utan korrigeringar, og rett under gjennomsnittet etter korrigeringar.

For Rogaland er det korrigerte netto driftsresultatet også korrigert for netto bruk av bundne driftsfond til investeringsføremål.

Netto driftsresultat (korrigert)

(korreksjonar: bruk/avsetning bundne fond)





Handlingsrom i drift

(korrigert for bokført kapitalslit på anleggsmidler)

Dersom me i tillegg korrigerer for avviket mellom betalte avdrag og avskrivningar på 355,2 mill. kroner, får me eit positivt handlingsrom i drift på 88,2 mill. kroner, eller 0,8 prosent av driftsinntektene. Denne tilnærminga har samband med behovet for

fylkeskommunal bevaring av formue over tid, som i økonomisk teori føreset eit nullresultat. Under samanliknar me resultatet med rekneskapen for 2024 og med andre fylkeskommunar.

Alternativ tilnærming (avdrag blir bytt ut med kapitalslit/avskrivningar):


Alternativ tilnærming (avdrag = kapitalslit/avskrivningar)

	Rekneskap 2025	Opphavelag budsjett 2025	Regulert budsjett 2025	Rekneskap 2024
Korrigert netto driftsresultat 1	-443 397	-363 663	-363 950	-287 853
- I prosent av driftsinntekter	3,9 %	3,5 %	3,3 %	2,7 %
Avvik mellom betalt avdrag og avskrivningar	355 243			310 707
Korrigert netto driftsresultat 2 (handlingsrom i drift)	-88 153			22 854
- I prosent av driftsinntekter	0,8 %			-0,2 %

Tal i tusen kroner. Negativt fortegn betyr positivt resultat.

Handlingsrom i drift

(korreksjonar: bruk/avsetning bundne fond, avskrivningar dekkja i staden for avdrag)






Lånegjeld

Økonomiplan 2026–2029 legg opp til ei viss auke av gjeldsgraden. Samanlikningar med andre fylkeskommunar viser at lånegjelda har stige mindre i Rogaland fylkeskommune fram mot 2025 enn det som er tilfellet i andre fylkeskommunar.

Ved utgangen av 2025 er brutto og netto gjeldsgrad i Rogaland fylkeskommune lågare enn

gjennomsnittet av fylkeskommunane. Det er fleire fylkeskommunar som har større handlefridom enn Rogaland i kraft av ei endå meir handterleg lånegjeld, men det er også fylkeskommunar som har vesentleg lågare handlefridom enn Rogaland av motsett grunn. Tala viser at variasjonane i gjeldsbyrde er store. Gjeldsgrada har gått noko ned samanlikna med 2024, men fylkeskommunane har framleis ei nokså høg samla gjeldsbyrde.

Gjeldsgrad




Samanlikningar av investeringsnivået i årsrekneskapen kan vera krevjande fordi fylkeskommunane har ulik samansetning av finansielle kjelder. Høg ekstern finansiering frå bompengar og øyremerkte statstilskot trekk isolert sett opp nivået av brutto

investeringar målt i prosent av driftsinntekter. Tala kan likevel gje ein indikasjon på satsinga knytt til investeringar og det tilhøyrande behovet for å overføra midlar frå drift til investering.



Brutto investeringar i % av driftsinntekter




Soliditet

Den finansielle handlefridomen i drift kan styrkjast gjennom bufferkapital eller frie fond (disposisjonsfond), som kan brukast til å takla uventa meirutgifter i enkelte år. Pr. 31.12.25 utgjør disposisjonsfondet til Rogaland fylkeskommune 1 430,4 mill. kroner, der 421,9 mill. kroner skriv seg til premieavviksfondet. Denne delen motsvarer premieavvika i KLP og SPK pr. 31.12.25. Me kan legge til grunn at denne er «bunden opp» til å dekkja inn betalte pensjonspremiar som enno ikkje er dekte inn i driftsrekneskapen. Ein mindre del av disposisjonsfondet gjeld regionalt næringsfond.

Soliditeten er blitt noko svekka gjennom bruk av disposisjonsfondet i 2025. Rogaland fylkeskommunes soliditet i form av eigenkapital som kan brukast til driftsføremål, eller til eigenfinansiering av investeringar (overføring frå drift), ligg nå litt under gjennomsnittet av fylkeskommunane. Bruk av disposisjonsfondet i 2025 gjorde at prosentdelen gjekk ned frå 14,9 prosent til 12,5 prosent for Rogaland. Det var også ein nedgang for fylkeskommunane samla, frå 12,8 prosent til 12,6 prosent.



Disposisjonsfond i % av driftsinntekter





Likviditet

Rogaland fylkeskommune har noko svekka likviditet frå 2024 til 2025. Eit tradisjonelt uttrykk for likviditet er arbeidskapital. Omløpsmidlar (likvide aktivum)

bør korrigerast for premieavvik, fordi premieavviket ikkje er ei reell fordring. Arbeidskapitalen kan forklarast på denne måten:

Arbeidskapital

	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
Omløpsmidlar	4 746 815	4 431 535	4 405 752	4 415 459
Fråtrekk av premieavvik	-421 923	-448 272	-433 496	-238 552
Kortsiktig gjeld	-2 713 036	-2 306 656	-2 380 275	-2 334 814
Arbeidskapital	1 611 856	1 676 606	1 591 980	1 842 093
Som skal dekkje:				
Fond				
- Disposisjonsfond fråtrekt premieavvik	1 008 473	1 122 840	1 275 921	1 362 857
- Bundne driftsfond	493 976	407 884	389 755	490 465
- Ubundne investeringsfond	36 353	38 723	32 386	10 260
- Bundne investeringsfond	123 958	135 407	45 665	127 781
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-	-	-	-
Udekt i investeringsrekneskapet	-	-	-	-16 524
Ubrukte lånemidlar	114 713	137 370	13 870	32 871
Endring av rekneskapsprinsipp	-165 617	-165 617	-165 617	-165 617
Sum	1 611 856	1 676 606	1 591 980	1 842 093

Tal i tusen kroner

Rogaland fylkeskommune har i 2025 styrka eigenkapital knytt til bundne drifts- og investeringsfond med om lag 75 mill. kroner. Dette gjeld i stor grad øyremerka midlar som skal brukas til å oppfylle Byveksttalen på Nord-Jæren. Det er ein netto reduksjon i ubundne investeringsfond på 2,4 mill. kroner, som delvis skriv seg til inntrekte FTU-midlar som med heimel i økonomireglementet blir omfordelt til nye prosjekt i 2026 dersom fylkestinget ikkje omprioriterar midla. Ubrukte FTU-midlar minka frå 28,5 mill. kroner per 31.12.24 til 3,6 mill. kroner per 31.12.25. Det vart satt av 22,5 mill. kroner på ubundne investeringsfond frå sal av tomt på Ullandhaug. Midlane er bundne i eit


eigarfellesskap mellom Rogaland fylkeskommune og kommunane Stavanger, Sandnes og Sola, og er øyremerkt til framtidig utvikling, byggjemodning og eventuelle nye eigedomskjøp i universitetsområdet, ref. FU-sak 149/24.

Ubrukte lånemidlar utgjer per 31.12.25 114,7 mill. kroner av 1 611,9 mill. kroner i arbeidskapital.

Ei samanlikning av arbeidskapital mellom fylkeskommunane viser at statusen per 31.12.25 er som under. I denne oversikta er arbeidskapital definert som omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Ubrukte lånemidlar blir trekt frå arbeidskapitalen.



Arbeidskapital fråtrekt ubrukte lånemidler i prosent av driftsinntekter





Eit utval nøkkeltal

For å illustrera fylkeskommunens finansielle stilling og utvikling vises eit utval av nøkkeltal for åra 2022–2025. Til samanlikning er det laga ein tabell

med dei same nøkkeltala i 2025 for dei andre vestlandsfylka og gjennomsnittet av fylkeskommunane.

Nøkkeltal Rogaland	R-2022	R-2023	R-2024	R-2025
Skatt og rammetilskotsgrad viser kor stor del av driftsutgiftene som blir finansiert av fylkesskatt og rammetilskot				
Skatt og rammetilskot i prosent av sum driftsutgifter	79,8 %	74,8 %	73,4 %	76,0 %
Netto resultatgrad viser kor stor del av driftsinntektene som kan brukast til finansiering av investeringar og avsetningar				
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter (utan korreksjonar)	7,7 %	5,3 %	2,9 %	5,0 %
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter (med korreksjonar for bundne avsetningar)	8,9 %	5,0 %	2,7 %	3,9 %
Rente- og avdragsbelastning viser kor stor del av driftsinntektene som går med til å finansiera renter og avdrag				
Renter og avdrag i prosent av sum driftsinntekter	6,2 %	6,1 %	6,4 %	6,2 %
Sjølffinansieringsgrad viser i kor stor grad fylkeskommunen finansierer investeringar med egne midlar				
Investeringar dekt av egne midlar i prosent av brutto investeringar	22,4 %	20,8 %	14,0 %	26,1 %
Lånegjeldsgrad viser kor mykje lånegjelda utgjer av dei totale driftsinntektene				
Lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter	68,9 %	65,3 %	63,4 %	59,3 %



Nøkkeltal Vestlandet	Møre og Romsdal	Vestland	Rogaland	Gjennomsnitt
Skatt og rammetilskotsgrad				
viser kor stor del av driftsutgiftene som blir finansiert av fylkesskatt og rammetilskot				
Skatt og rammetilskot i prosent av sum driftsutgifter	83,0 %	71,6 %	76,0 %	74,9 %
Netto resultatgrad				
viser kor stor del av driftsinntektene som kan brukast til finansiering av investeringar og avsetningar				
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter (utan korreksjonar)	7,1 %	5,0 %	5,0 %	4,3 %
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter (med korreksjonar for bundne avsetningar)	6,7 %	4,1 %	3,9 %	4,0 %
Rente- og avdragsbelastning				
viser kor stor del av driftsinntektene som går med til å finansiera renter og avdrag				
Renter og avdrag i prosent av sum driftsinntekter	9,3 %	8,4 %	6,2 %	6,8 %
Sjølvsfinansieringsgrad				
viser i kor stor grad fylkeskommunen finansierer investeringar med egne midlar				
Investeringar dekt av egne midlar i prosent av brutto investeringar	38,3 %	32,8 %	26,1 %	38,7 %
Lånegjeldsgrad				
viser kor mykje lånegjelda utgjer av dei totale driftsinntektene				
Lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter	116,6 %	92,4 %	59,3 %	73,7 %




Kva vart pengane brukte til i drift i 2025?

I 2025 har driftsutgiftene vore på til saman 11 130,4 mill. kroner. Det første kakediagrammet viser driftsutgifter per type utgift. Diagrammet viser at løn inkludert sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift) utgjør 35,4 prosent av dei totale utgiftene. Overføring frå drift til investering, avsetning til fond og finansutgifter vises ikkje i diagrammet.

Det andre kakediagrammet viser netto driftsutgifter per tenesteområde, og viser at opplæring står for 48,7 prosent av netto driftsutgifter.


Korleis finansierer fylkeskommunen driftsutgiftene sine?

Rogaland fylkeskommune hadde i 2025 11 416,5 mill. kroner i brutto driftsinntekter. I det tredje kakediagrammet ser me at dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) står for 74,1 prosent av dei totale inntektene. MVA-kompensasjon er ein betydeleg generell inntektspost, og inngår i refusjonar.




Type driftsutgifter

Løn/sosiale utgifter	35,4 %
Kjøp til eigenproduksjon av tenester	15,9 %
Kjøp av produksjon/tenester frå andre	20,0 %
Overføringar	21,5 %
Avskrivningar	7,2 %



Netto driftsutgifter pr. sektor

Politisk styring	0,8 %
Fylkesdirektør	0,2 %
Organisasjon	3,1 %
Økonomi og eiendom	5,1 %
Samfunn	5,0 %
Samferdsel	31,9 %
Opplæring	48,7 %
Tannhelse	5,3 %



Type driftsinntekter

Sal- og leigeinntekter	3,6 %
Refusjonar	15,1 %
Overføringar	7,2 %
Frie inntekter	74,1 %



Driftsrekneskap ¹⁾

	Rekneskap			Budsjett	Avvik	Budsjett
	2023	2024	2025	2025	Rekn./bud.	2026
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	-7 400 998	-7 700 048	-8 459 908	-8 324 170	-135 738	-8 880 666
Driftsinntekter	-2 796 502	-2 812 852	-2 956 616	-2 010 375	-946 241	-1 928 728
Sum inntekter	-10 197 500	-10 512 900	-11 416 524	-10 334 545	-1 081 979	-10 809 394
Løn inkl. sosiale utgifter	3 348 162	3 658 508	3 938 164	3 779 838	158 326	4 052 154
Driftsutgifter (inkl. avskrivningar)	6 551 711	6 838 821	7 192 226	5 636 544	1 555 682	5 838 735
Sum utgifter	9 899 873	10 497 329	11 130 390	9 416 382	1 714 008	9 890 889
Brutto driftsresultat	-297 627	-15 571	-286 134	-918 163	632 029	-918 505
Finansposter:						
Netto renteutgifter	36 752	20 297	65 932	148 600	-82 668	181 616
Avdrag (netto)	413 800	443 200	451 200	455 100	-3 900	464 110
Netto finansposter	450 552	463 497	517 132	603 700	-86 568	645 726
Motpost avskrivningar	-689 127	-753 907	-806 443	0	-806 443	0
Netto driftsresultat	-536 202	-305 981	-575 446	-314 463	-260 983	-272 779
Brukt slik:						
Til finansiering i investeringsrekneskapen	528 904	426 158	630 070	591 258	38 812	461 200
Netto avsetningar	7 298	-120 177	-54 623	-276 795	222 172	-188 421
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar	536 202	305 981	575 446	314 463	260 983	272 779
Rekneskapsmessig resultat før adm. transaksjoner ²⁾	-114 688	-28 812	-84 264	0	0	0


Tal i tusen kroner

¹⁾ Tabellen viser driftsrekneskapen for 2023–2025, vedtatt budsjett for 2025, avvik mellom rekneskap og budsjett og vedtatt budsjett for 2026.

²⁾ Med heimel i til ny rekneskapsforskrift som gjeld frå 2020 kan rekneskapen ikkje leggest fram med mindreforbruk. Eit ev. mindreforbruk etter strykingar skal settes av på disposisjonsfond (adm. transaksjon).



Utvikling i brutto driftsutgifter versus driftsinntekter



Grafen viser at brutto driftsutgifter i åra 2022–2024 auka meir enn brutto driftsinntekter. I 2025 auka brutto driftsinntektene meir enn brutto driftsutgifter, og hovudårsaka er auken i dei frie inntektene, inkludert ekstra løyvingar undervegs i rekneskapsåret.

Til tross for ein positiv utvikling i 2025, med høgare vekst i driftsinntektene enn i driftsutgiftene, står fylkeskommunen framleis ovanfor eit omstillingsbehov i åra framover.

Kommentarar til driftsrekneskapen

Strykingar

I samsvar med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar gjeldande frå 2020 kan ikkje rekneskapen leggast fram med eit mindreforbruk (overskot). Dersom driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk etter at rekneskapsføring av budsjettdisposisjonar, jf. § 4-1, er gjennomført, skal mindreforbruket reduserast så mykje som mogleg ved å stryke bruk av disposisjonsfond. Dersom

rekneskapen framleis viser eit mindreforbruk etter strykingane, skal mindreforbruket dekke inn eventuelle tidlegare års meirforbruk. Eit mindreforbruk som ikkje dekker inn et meirforbruk skal settast av til disposisjonsfond, jf. § 4-3.

Pensjonskostnader

Fylkeskommunen fører pensjonskostnadene etter reglane gitt i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar. Målet er at rekneskapen skal visa ei jamnare utvikling av pensjonsutgiftene enn det som følger av premieinnbetalinga, som er sterkt påverka av nivået på løns- og g-veksten dei enkelte åra.

§ 3-5 i forskrifta seier at det er pensjonskostnaden som skal rekneskapsførast, og at pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar skal balanseførast med omsyn til estimatavvik pr. 01.01. I tillegg skal arbeidsgjevaravgift av premieavvik og av netto pensjonsforpliktingar høvesvis kostnadsførast og balanseførast. Premieavvik er differansen mellom pensjonspremie og pensjonskostnad.



Bokførte beløp er baserte på oppgaver frå Kommunal landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Det utrekna premieavviket har motpost i balanserekneskapen og blir fordelt (utgifts- eller inntektsført) på driftsrekneskapane dei neste 7 åra i samsvar med gjeldande forskrift.

Premieavviket, med frådrag av inndecking av tidlegare års premieavvik, minka med 26,3 mill. kroner i 2025 og påverkar dermed netto driftsresultat negativt i årsrekneskapen for 2025. Beløpet er dekkja av premieavviksfondet i samsvar med vedtak i fylkestinget (FT-sak 23/13), slik at fondet per 31.12.25 er identisk med akkumulert premieavvik (421,9 mill. kroner). Premieavviksfondet inngår som ein del av fylkeskommunens disposisjonsfond, men er ikkje reell likviditet på same måten som anna eigenkapital.

Kalkulatoriske avskrivningar

For å illustrera kapitalslitet av bygningar, inventar og utstyr er det i 2025 belasta i alt 806,4 mill. kroner i kalkulatoriske avskrivningar på dei respektive Kostra-funksjonane. Avskrivningane påverkar ikkje resultatet, fordi beløpet er ført til inntekt/motpost på same ansvar. Det er verdt å merke seg at avskrivningane auka med 7,0 prosent i 2025 og 9,4 prosent i 2024, som speglar auken i fylkeskommunens realkapital (bygg og anlegg). Over tid gjer også anlegg som er finansierte av bompengar fylkeskommunen meir kapitalintensiv, og aukar behova for vedlikehald i drift og eigenfinansiering av investeringar.

Notar

I forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar kapittel 5, jf. kapittel 10 som gjeld konsolidert rekneskap, går det fram at notar er ein del av årsrekneskapen. Forskrifta gir i §§ 5-10 – 5-15 blant anna reglar for faste noteopplysningar og andre noteopplysningar som er vesentlege for vurderinga av den

økonomiske utviklinga og stillinga. Foreningen for god kommunal regnskapsskikk har gitt ut ein eigen rekneskapsstandard «KRS nr. 6 Noter og årsberetning», som inneheld fleire notar som blir rekna som nødvendige for dei fleste (fylkes)kommunar for at rekneskapen skal vera lagd fram i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

I rekneskapen for 2025 er det lagt ved notar med referanse til KRS nr. 6 ut frå ei vurdering av om dei er vesentlege for å få eit fullstendig og utfyllande bilete av resultatata og den økonomiske stillinga til fylkeskommunen ved årsskiftet. Se i rekneskapen for 2025 for noteopplysningar og fleire detaljer om rekneskapen for 2025.

Fakta om driftsrekneskapen

- Rogaland fylkeskommune (RFK) har eit positivt brutto driftsresultat på 286,1 mill. kroner. I dette ligg avskrivningar (kapitalslit) inne i driftsutgiftene som eit uttrykk for reinvesteringsbehov.
- Finanspostane (netto renteutgifter og avdrag) er på 517,1 mill. kroner. Me merker oss at netto renteutgifter gjekk opp frå 20,3 mill. kroner i 2024 til 65,9 mill. kroner i 2025. Renteutgiftene auka altså meir enn renteinntektene og gevinst frå finansielle omløpsmidlar.
- Motpost avskrivningar (inntekt) er på 806,4 mill. kroner. Kapitalslitet aukar med 52,5 mill. kroner samanlikna med 2024, og stig i takt med auka realformue.
- Samla gir dette eit netto driftsresultat på 575,4 mill. kroner, som gjev ein netto resultatgrad på 5,0 prosent. I avsnittet om netto driftsresultat er det korrigerde talet 3,9 prosent, som er ein auke frå 2,7 prosent i 2024.
- Årets rekneskapsresultat før administrative transaksjonar er på 84,3 mill. kroner, noko som betyr at bruken av disposisjonsfond er tilsvarende redusert frå anslaget i revidert budsjett.



Kommentarar til investeringsrekneskapen

3,6 mrd. kroner brukt til investeringar

2741,6 mill. kroner vart brukt til investeringsprosjekt i 2025. Dette er ein auke frå 2575,0 mill. kroner i 2024. Det vart i tillegg bokført brutto avsetningar av bundne midlar på 874,2 mill. kroner. Dette gjeld mottatte midlar i samband med byvekstavtalen knytt til bygging av Bussveien, reduksjon av bompengar og fjerning av rushtidsavgifta.

Det første kakediagrammet viser investeringar per tenesteområde. Det er innan områda samferdsel (vegar inkl. bompengefinansierte prosjekt) og fellesutgifter og stabsfunksjonar (inkluderer skulebygg) me finn dei store investeringane, med høvesvis 44,9 prosent og 28,2 prosent.

Det andre kakediagrammet viser korleis utgiftene i investeringsrekneskapen er finansierte. 40,1 prosent er finansierte av tilskot, refusjonar og mottatte avdrag (inkl. bompengar og moms-kompensasjon), 15,8 prosent er bruk av lån, og 44,1 prosent er eigenfinansiering.


I eigenfinansiering inngår overføring frå drift, sal og bruk av tidlegare avsetningar til bundne fond.

Det var eit mindreforbruk før årsavslutningsdisposisjonar på 94,5 mill. kroner. På samferdselsområdet var det eit mindreforbruk på i overkant av 100 mill. kroner for skattefinansierte prosjekt. Mindreforbruket kjem av fleire forhold, mellom anna ufordelte planleggingsmidlar og forseinka framdrift.

Også innanfor organisasjon (IT-prosjekter) og opplæring (inventar og utstyr til skulane) var det mindreforbruk som i stor grad skyldast noko forseinka framdrift i prosjekter.


Innanfor økonomi og eigeendom var det isolert sett eit meirforbruk på 40,6 mill. kroner i årsregnskapet. Dette skyldast periodisering mellom rekneskapsår, og bruk av ubrukte midlar frå tidlegare år og ikkje eit reelt meirforbruk.

Ubrukte lånemidlar har gått ned frå 137,4 mill. kroner per 31.12.24 til 114,7 mill. kroner per 31.12.25. Fylkesdirektøren vil leggja fram oversikt over prosjekter som må rebudsjetterast i 2026.



Investeringar pr. driftsområde

Fond og avsetningar	24,7 %
Utlån, aksjer og andelar	0,7 %
Fellesutgifter og stabsfunksjonar	28,2 %
Samfunn	0 %
Samferdsel	44,9 %
Opplæring	1,5 %



Finansiering av investeringane

Tilskot, refusjonar og mottatte avdrag	40,1 %
Fond og avsetningar	25,1 %
Bidrag frå drift	17,3 %
Sal av aksjer og eigeendom	1,6 %
Bruk av lån	15,8 %
Utlån, aksjer og andelar	0,7 %



Overføring frå drift

Det er overført 630,1 mill. kroner frå drift, der 589,6 mill. kroner er politisk vedtatt og 40,4 mill. kroner er administrative overføringer. Inkludert i dei administrative overføringane er 46,0 mill. kroner av meir teknisk art som følgje av ein om-disponering av bundne driftsfond til bundne investeringsfond. Dette gjeld påskjønningsmidlar mottatt tidlegare år for driftsformål, men der bruken i 2025 er gjort om til investeringsformål. Overføringane er administrativt redusert med 5,5 mill. kroner netto, som er summen av reduksjon i overføringane

grunna berekning av avdrag i føretaket (Tannhelse Rogaland), korrigerer av driftsmidlar i eit investeringsprosjekt og auka overføringer frå drift til finansiering av mindre tiltak innan opplæring.

I opphavleg budsjett vedtok fylkestinget å bruka ein større del av brutto driftsinntekter til eigenfinansiering av investeringar, 5,3 prosent mot måtalet på minimum 4 prosent. Overføringa på 630,1 mill. kroner utgjør 5,5 prosent av brutto driftsinntekter.

Investeringsrekneskap ³⁾

	Rekneskap			Budsjett	Avvik	Budsjett
	2023	2024	2025	2025	Rekn./bud.	2026
Investeringar (inkl. utlån, aksjar og forskoteringar)	2 919 633	2 574 950	2 741 561	4 159 109	-1 417 548	3 607 130
Dekning av tidlegare års udekket beløp	16 524	0	0	0	0	0
Avsetningar	799 011	892 958	900 322	0	900 322	0
Finansieringsbehov	3 735 168	3 467 908	3 641 883	4 159 109	-517 225	3 607 130
Bruk av lån	-517 752	-332 201	-575 856	-949 197	373 341	-1 314 737
Mottatte avdrag på utlån	-31 625	-12 263	-12 886	0	-12 886	0
Tilskot og refusjonar	-1 795 685	-1 882 339	-1 448 967	-2 618 654	1 169 687	-1 831 193
Bidrag frå drift	-528 904	-426 158	-630 070	-591 258	-38 812	-461 200
Sal av aksjar, fast eigedom	-2 201	-18 068	-59 963	0	-59 963	0
Bruk av fond/tidlegare avsetningar	-859 001	-796 879	-914 142	0	-914 142	0
Sum finansiering	-3 735 168	-3 467 908	-3 641 883	-4 159 109	517 225	-3 607 130
Udekt/udisponert	0	0	0	0	0	0
Budsjettavvik før årsavslutningsdisp. (udisponert)	-1 223	-189 398	-94 536	0	0	0

Tal i tusen kroner

³⁾ Tabellen viser investeringsrekneskapen for 2023-2025, vedtatt budsjett for 2025, avvik mellom rekneskap og budsjett og vedtatt investeringsbudsjett for 2026.



Fakta om investeringsrekneskapen

- Bidrag frå drift har vore 630,1 mill. kroner.
- Det er bokført bruk av lån på 575,9 mill. kroner.
- Netto bruk av bundne investeringsfond var 11,4 mill. kroner.


Kommentarar til balansen

Balanserekneskapen er ført opp i samsvar med § 5-8 om verdivurdering i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar.

Ver merksam på:

Pensjonsskyldnader

Brutto pensjonsmidlar og pensjonsskyldnader etter oppgaver frå KLP og SPK blir førte i balanserekneskapen. På denne måten får me oversikt over netto pensjonsgjeld (pensjonsskyldnader – pensjonsmidlar), slik at dei reelle skyldnadene går fram av balansen. Per 31.12.2025 er pensjonsmidlar og pensjonsskyldnader tilnærma identiske.



Fordeling gjeld og egenkapital


■ Sum egenkapital	59,3 %
■ Pensjonsforpliktingar	13,9 %
■ Langsiktig lånegjeld	19,1 %
■ Kortsiktig gjeld	7,7 %

Anleggsverksemd

I 2025 er det utgiftsført 2741,6 mill. kroner i anleggskostnader. Av dette er 1649,1 mill. kroner innanfor samferdsel og primært i vegsektoren. Desse investeringsbeløpa blir aktiverte i balanserekneskapen som egedelar med motpost kapitalkonto.

Garantiskyldnader

Det totale garantiansvaret til Rogaland fylkeskommune summerer seg til om lag 28 mrd. kroner når ansvaret for Rogfast og Bymiljøpakke Nord-Jæren blir tekne med. Rogfast har ei garantiramme på 17,6 mrd. kroner der 5,25 mrd. kroner var teke opp i lån pr. 31.12.25. Kommunal- og distriktsdepartementet vedtok i juni 2025 ein nedjustering av garantiramma for Bymiljøpakken Nord-Jæren frå 7,7 mrd. kroner til 3,85 mrd. kroner. Pr. 31.12.25 er det ikkje tatt opp lån for pakken. Garantiansvaret inkluderer også eit tillegg på 10 prosent av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påkomne renter og omkostningar.



Utvikling i eigedelar

Anleggsmidlar		Omløpsmidlar	
■ 2023	26 050 455	■ 2023	4 405 752
■ 2024	27 848 312	■ 2024	4 431 535
■ 2025	30 599 538	■ 2025	4 746 815



Fakta om balansen

- Ved utgangen av 2025 hadde Rogaland fylkeskommune i underkant av 6,8 mrd. kroner i langsiktig lånegjeld.
- Pensjonsskyldnadene (forpliktingar) til fylkeskommunen er på 4,9 mrd. kroner.
- Fylkeskommunen har egedelar bokførte til 35,3 mrd. kroner (inkludert pensjonsmidlar på 4,9 mrd. kroner).
- Arbeidskapitalen er redusert i 2025

Balanserekneskap ⁴⁾

	2023	2024	2025
Anleggsmidlar	26 050 455	27 848 312	30 599 538
Av dette: Utlån, aksjar og andeler	425 097	464 122	474 284
Av dette: Pensjonsmidlar	3 820 115	4 070 286	4 920 624
Omløpsmidlar	4 405 752	4 431 535	4 746 815
Av dette: Kortsiktige fordringar	553 346	746 829	1 321 314
Sum egedelar	30 456 207	32 279 847	35 346 353
Fond	-2 177 224	-2 153 126	-2 084 683
Udisponert el. udekt i investeringsrekneskapen	0	0	0
Likviditetsreserve	0	0	0
Endra rekneskapsprinsipp	165 617	165 617	165 617
Kapitalkonto	-15 325 186	-16 893 877	-19 029 951
Sum egenkapital	-17 336 793	-18 881 386	-20 949 017
Pensjonsforpliktingar	-4 085 219	-4 425 385	-4 915 881
Langsiktig lånegjeld	-6 653 920	-6 666 420	-6 768 420
Kortsiktig gjeld	-2 380 275	-2 306 656	-2 713 036
Sum gjeld	-13 119 414	-13 398 461	-14 397 337
Sum gjeld og egenkapital	-30 456 207	-32 279 847	-35 346 353
Memoriakonto:			
Ubrukte lånemidlar	13 870	137 370	114 713

Tal i tusen kroner

⁴⁾ Tabellen viser balanserekneskapen til fylkeskommunen dei tre siste åra. Balanserekneskapen viser fylkeskommunen sine bokførte egedelar (omløpsmidlar og anleggsmidlar), gjeld og egenkapital.

Arbeidskapital ⁵⁾

	2023	2024	2025
Endring i omløpsmidlar	-9 707	25 782	315 280
Endring i kortsiktig gjeld	45 461	-73 619	406 380
Endring i arbeidskapital	-55 168	99 401	-91 099

Tal i tusen kroner

⁵⁾ Tabellen viser endringar i arbeidskapitalen som kjem fram av differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.



Oppsummering av 2025



Rekneskapen er gjort opp med overskot og Rogaland fylkeskommune fekk eit betre økonomisk resultat i 2025 enn forventa. Netto driftsresultat vart på 575,4 millionar kroner. Etter nokre år der utgiftsveksten har vore større enn inntektsveksten, vart 2025 eit år der driftsinntektene auka meir enn driftsutgiftene, og dei underliggjande marginane i drift vart noko betre. Det er kontroll og balanse i drifta, sjølv om det òg i 2025 er nokre ekstraordinære forhold som bidrog til å lyfta resultatet.

Netto driftsresultat vart på 5,0 prosent av driftsinntektene (før korrigeringar). Korrigert netto driftsresultat er på 3,9 prosent, som er rett under det retningsgivande målalet på 4 prosent og noko høgare enn det opphavlege budsjettet la opp til (3,5 prosent).

Lånegjelda (netto gjeldsgrad) er på 58,2 prosent av driftsinntektene, med ein noko oppblåst inntektsbase som følgje av kompensasjonsordningar og øyremerkte tilskot mv.

Merksemd på prioriteringar, stram økonomistyring og god budsjett disiplin har medverka til nok eit år med positivt rekneskapsresultat. Arbeid med omstilling og innsparing har gjort drifta meir krevjande. Høg prisvekst og regulering av driftskontraktar innan samferdsel har sett press på økonomien også gjennom 2025. Skulane har styrt godt og tek med seg eit mindreforbruk til 2026.

Nøkkeltala viser at Rogaland fylkeskommunes handlefridom og moglegheiter i stor grad blir styrt av dei frie inntektene. Det vil seia at det eigentleg er staten som er premissleverandør for det fylkeskommunale tilbodet.

Eit netto driftsresultat på 3,9 prosent etter korrigeringar gjer at målet om eit netto driftsresultat på 4 prosent av driftsinntektene nesten er oppnådd. Årets resultat er ei styrking frå 2,7 prosent i 2024. Dei gode tilhøva for forvaltning av overskotslikviditet i 2025 trekt resultatet opp. Når me tek det ekstraordinære ut av reknestykket, er handlingsrommet i drift framleis stramt.



I opphøveleg budsjett var det vedtatt å bruke 227,6 millionar kroner frå disposisjonsfondet i 2025. Undervegs i året vart bruken auka, men i revidert budsjett i desember vart bruken av disposisjonsfond justert ned til 225,7 millionar kroner. Med eit positivt resultat på 84,3 mill. kroner før administrative transaksjonar, blir bruken av disposisjonsfondet redusert tilsvarande.

Dess høgare investeringsnivå og formue av bygg og anlegg fylkeskommunen har, dess høgare resultatgrad bør ein prøva å oppnå. Dette er for å halda gjeldsutviklinga mest mogleg stabil når fylkeskommunen må halde oppe eit akseptabelt investeringsnivå. Bufferkapitalen er til for å ta hand om uventa kostnader eller uventa reduksjonar i inntekter, og er ein del av fylkestinget si finansielle målstyring etter kommunelova. I løpet av 2025 er bufferkapitalen redusert med 141 millionar kroner og utgjer 12,5 prosent av driftsinntektene.

I økonomiplan 2026–2029 har fylkestinget vedtatt å bruke 265 millionar kroner av bufferkapitalen til investeringar for å få så liten auke i gjeldsgraden som mogleg.

Vestlandsfylka leverer gode resultat i 2025. Rogaland og Vestland har begge eit netto driftsresultat utan korreksjonar på 5,0 prosent, mens Møre og Romsdal har 7,1 prosent. Alle tre fylkeskommunane ligg over gjennomsnittet på 4,3 prosent for fylkeskommunane samla. Etter korreksjonar er netto driftsresultat 3,9 prosent for Rogaland, 4,1 prosent for Vestland og 6,7 prosent for Møre og Romsdal, samanlikna med 4,0 prosent for landet. Analyser bør vektlegge at fylkeskommunar med høg gjeldsgrad anna likt lyt styra mot eit høgare netto driftsresultat enn fylkeskommunar med lågare gjeldsgrad. I denne samanhengen må ein også vera merksam på at nivået av avdrag varierer frå minimumsavdrag til eit betydeleg høgare nivå av avdrag. Samanlikningar kan derfor godt gjerast etter at avdrag er bytt ut med avskrivningar.

Forholda er da eit netto driftsresultat for Rogaland på 0,8 prosent, 0,0 prosent for Vestland og 3,6 prosent for Møre og Romsdal. Sistnemnde kan vera resultat av hardare og meir nødvendig omstilling enn andre fylkeskommunar.

Fleire samanlikningar er å finna på Statistisk sentralbyrå sine KOSTRA-sider og under Økonomisk statistikk på fylkeskommunens eigen heimeside: rogfk.no

Utfordringane framover

Fylkestinget har vedtatt konkrete finansielle måltal/handlingsreglar for økonomiplan 2026–2029. Det er gjort greie for desse i økonomiplan 2026–2029.

Dei økonomiske rammene i det vedtatte budsjettet for 2026 og økonomiplan 2026–2029 er strame og forutset at fylkeskommunen gjennomfører omstillinga som er vedtatt. Omstillinga er framleis nødvendig for å sikre langsiktig finansiell handleevne, slik kommunelova krev. Behova for omstilling som er skissert i økonomiplanen kan bli større som følgje av auka kostnader knytt til drift av kollektivtransport frå 2026. Den finansielle risikoen er høg på grunn av små marginar i drift. Sjølv om eigenkapitalen (frie driftsfond) er noko svekka gjennom 2025, har fylkeskommunen framleis ein bufferkapital over målalet på 10 prosent av driftsinntektene. Dette er reserver som kan brukast til å oppretthalda eigenfinansieringa av investeringar i åra som ligg føre oss. Det er i økonomiplan 2026–2029 lagt til grunn at fylkeskommunen skal nytta 265 millionar kroner av disposisjonsfond for å kompensera for ein svak driftsmargin.

Saman med høg pris- og kostnadsvekst, utover den såkalla deflatoren i statsbudsjettet, er andre underliggende forklaringar på dei svekkja driftsmarginane at utgifter til demografi og ein stor reform i vidaregåande opplæring ikkje har blitt fullt dekka i dei siste statsbudsjetta.



Rogaland fylkeskommune ber dessutan ei økonomisk byrde som følgje av at den særskilte fordelinga til opprusting og fornying av fylkesveggar bryt med objektive utgiftsbehov. Vidare har fylkeskommunen ei urimeleg ulempe knytt til innretninga av sektornøkkelen for kollektivtransport, slik fylkeskommunen vurderer det. Det nye inntektsystem for fylkeskommunane frå 2024 gjorde at Rogaland fylkeskommune kom dårlegare ut av det økonomisk enn føreset. Systemet får gradvis større verknad i åra fram til og med 2027.

Den delen av lånegjelda til fylkeskommunen som er eksponert for renterisiko, vil vera ei utfordring å handtera når marknadsrentene no har stege frå historisk låge nivå. I tillegg har fylkeskommunen som nemnd langsiktige utfordringar knytt til finansiering av kollektivtransport og stigande realformue. Dette gjeld både i investering og drift.

Økonomiske utfordringar i åra framover er gjennomgått i økonomiplan 2026–2029, og føresetnadene for vedtatt økonomiplan er i hovudsak uendra. Om lag 30 prosent av disposisjonsfondet er premieavviksmidlar, som veg opp for pensjonspremiar som er betalt, men ikkje dekkja inn.

Stram økonomistyring, bevisste prioriteringar og hyppig rapportering vil òg i åra som kjem vera suksessfaktorar. Fylkeskommunen må gjennom ei omstilling, med merksemd retta mot både prioriteringseffektivitet og kostnadseffektivitet. Nøkkeltal illustrerer at Rogaland fylkeskommune på mange område har låge einingskostnader og høg kostnadseffektivitet samanlikna med andre fylkeskommunar. Fylkesdirektøren meiner at fylkeskommunen er underadministrert på nokre områder som er viktige for styringa av den samla verksemda.

Ein grunnleggande føresetnad i åra framover er at det blir ein realvekst i frie inntekter som er stor nok til å dekkja demografiske endringar, nye miljøkrav, krav om universell utforming,

behov for utbygging av kollektivtrafikk, naudsynt vedlikehald av vegar og eigedomar og dessutan kostnader til nye nasjonale reformer på dei ulike felta. Fylkeskommunen må vera forberedt på at dette ikkje slår til, og at auka forventningar og behov vil vera krevjande å kome i møte.

I grunnlaget for økonomiplan 2027–2030 må fylkeskommunen halda fram arbeidet med omstilling for å sikre betre balanse mellom driftsinntekter og -utgifter. Den handterlege lånegjelda er ein styrke samanlikna med fleire andre fylkeskommunar.

Tannhelse Rogaland FKF

Rekneskapen er gjort opp med eit netto driftsresultat på 28,5 mill. kroner. Budsjettoverskotet er på 29,9 mill. kroner.

Overskotet kjem blant anna av vakante stillingar, også i forbindelse med utsett innflytting i ny tannklinik i Sandnes. Som følgje av vakansar er det også brukt mindre på vedlikehald og reparasjonar enn planlagt.

Meir informasjon og opplysningar om Tannhelse Rogaland FKF er å finna i rekneskapen for føretaket og årsmeldinga for 2025.





Revisors beretning



Til Fylkestinget i Rogaland Fylkeskommune	Kopi: Kontrollutvalget Fylkesutvalget Fylkesdirektør
---	---

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Rogaland Fylkeskommune årsregnskap som viser et netto driftsresultat på kr 575 446 000 og et netto driftsresultat i det konsoliderte årsregnskapet på kr 603 987 000.

Årsregnskapet består av:

- Fylkeskommunens årsregnskap, som består av balanse per 31. desember 2025, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.
- Konsolidert årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2025, driftsregnskap, investeringsregnskap, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter.

Etter vår mening:

- Oppfyller fylkeskommunens årsregnskap gjeldende lovkrav og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av fylkeskommunens finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.
- Oppfyller det konsoliderte årsregnskapet gjeldende lovkrav og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Rogaland Fylkeskommune som økonomisk enhet per 31. desember 2025, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing



(ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i "Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet". Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Fylkesdirektøren er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Fylkesdirektørens ansvar for årsregnskapet

Fylkesdirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapskikk i Norge. Fylkesdirektøren er også ansvarlig for slik intern kontroll som vedkommende finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:





- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av Fylkesdirektøren er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.
- innhenter vi tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis vedrørende den finansielle informasjonen til regnskapsenhetene som inngår i konsolidert årsregnskap for å kunne gi uttrykk for en mening om det konsoliderte årsregnskapet. Vi er ansvarlige for å lede, følge opp og gjennomføre revisjonen av det konsoliderte årsregnskapet. Vi alene er ansvarlige for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og fylkesdirektøren blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Rogland Fylkeskommunes redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra fylkestinget i Rogland Fylkeskommunes premisser for bruken av bevilgningene.





Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Fylkesdirektørens ansvar for redegjørelse om budsjettavvik og revisors oppgaver og plikter knyttet til uttalelsen om budsjettavvik

For videre beskrivelse av Fylkesdirektørens ansvar og revisors oppgaver ved uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik vises det til <http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger> - revisjonsberetning nr 1.

Stavanger, 27.03.2026
Rogaland Revisjon Iks

Elektronisk signert
Rune Haukaas
Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor



Elektronisk signatur

Signert av

Haukaas, Rune

(Identitet bekreftet med BankID (NO))



Dato og tid (UTC+01:00) Central European Time (Berlin) (DD.MM.YYYY HH:MM:SS)

27.03.2026 13:45:02

Signaturmetode

BankID (NO)

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130 sentrum

4001 Stavanger

Besøksadresse

Ankerkvartalet

Haakon VIIIs gate 9

4005 Stavanger

Telefon

51 51 66 00

E-post

firmapost@rogfk.no

www.rogfk.no



Rogaland
fylkeskommune